




Rogaland
fylkeskommune

Årsmelding 2023



Vi bidrar til berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland

Rogaland fylkeskommune leverer mange og gode tenester innan opplæring, tannhelse, samferdsel, kultur, planlegging og næringsutvikling, kvar dag heile året. I 2023 oppnådde vi mykje og kan vise til gode resultat for områda vi har ansvar for.

Det handlar om å utvikle samfunnet vi lever i, for å ta vare på fortida, notida og framtida. Vi skal sikre at Rogaland er eit godt fylke å leve og bu i for oss som lever no, og at vi kan gi det vidare til kommande generasjonar i like god, eller betre, stand.

I 2023 har vi starta arbeidet med å lage ny Utviklingsplan for Rogaland. Vi har besøkt alle regionar i Rogaland og møtt næringsliv, frivilligheit og kommunar for å få innspel til ny plan. Utviklingsplanen tar og for seg korleis vi må jobbe for å nå dei langsiktige utviklingsmåla våre.

Vi skal jobbe for

- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- konkurransedyktig region
- helsefremmande og inkluderande samfunn
- attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

Forutsetninga er sunn kommuneøkonomi og samarbeid på tvers.

Verdiane våre er grunnmuren i arbeidet med å utvikle fylket til det beste for innbygarane, og dei skal være synlege i arbeidet vårt.


- vi er opne
- vi er kompetente
- vi viser respekt

Vi presenterer ei kort oppsummering av resultata innan dei ulike ansvarsområda våre.

Innhold

Resultat og aktiviteter	4
Langsiktige utviklingsmål	5
Opplæring	11
Samferdsel	17
Kultur- og næringsutvikling	21
Plan, miljø og samfunn	27
Tannhelse	32
 Medarbeidarar og organisasjonsutvikling	 33
Administrativ organisering	34
Likestilling og mangfald	39
 HMS og kvalitet	 46
Omboda	50
 Folkevalde organ	 52
 Økonomisk resultat	 60
Oppsummering av 2023	84
Revisors beretning	88

Resultat og aktiviteter



Langsiktige utviklingsmål

Dei langsiktige utviklingsmåla er Rogaland fylkeskommune sine overordna målsettingar. Fylkestinget vedtok måla i oktober 2020, som ein del av Utviklingsplan for Rogaland – regional planstrategi 2021–2024. Utviklingsplanen beskriv ønska samfunnsutvikling i Rogaland. Visjonen vi siktar mot er:

Berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland.

Vi vil ikkje oppnå denne ønsketilstanden utan å bruke ressursane våre på best tenkelege vis. Alle kloke hovud må tenke samla. Måla er skrivne på ein måte som fordrar samarbeid. Derfor skildrar vi nokre utvalde resultat samla på tvers av fagområda, før vi dykkar i detaljane, avdeling for avdeling.

Overordna arbeid

I haust har vi gjort eit stort stykke arbeid med ny Utviklingsplan for Rogaland 2025–2028. Alle avdelingane har bidratt med sin kunnskap og kompetanse. Vi har samla eit solid kunnskapsgrunnlag og vært på regionsturné i heile fylket for å få innspel frå kommunar, frivillige organisasjonar og næringslivet.

I sommar blei det vedtatt at Rogaland skal bli eit berekraftsfylke. Formålet med satsinga er å fremme samarbeid for kunnskapsbasert berekraftig utvikling. Fylkeskommunen er i gang med arbeidet i samarbeid med kommunane og Statsforvaltaren. Arbeidet ses i samanheng

med dei langsiktige utviklingsmåla i den nye utviklingsplanen.

Det blei og vedtatt ein internasjonal strategi for fylkeskommunen i 2023. Strategien skal vere eit styringsverktøy for korleis fylkeskommunen best kan bruke sitt internasjonale engasjement, sine roller og verkemiddel til å fremme berekraftig utvikling i fylket og internasjonalt.

Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

I 2023 blei fylkeshuset resertifisert som Miljøfyrtårn for tre nye år. I tillegg har vi rettleia og støtta fleire vidaregåande skolar i deira arbeid med Miljøfyrtårn. Seks vidaregåande skolar og skolesenter har blitt resertifisert for tre nye år.

Vi har arbeidd med Regionalplan for klimaomstilling, som tar opp ei bredde av relevante tema for omstillinga til eit framtidig klimatilpassa lågutsleppssamfunn. Rogaland fylkeskommune deltar i EUs samfunnsoppdrag for klimatilpassing og har i 2023 fått innvilga støtte i form av såkalla teknisk assistanse frå EUs Mission Platform. Dette inneber at vi i perioden november 2023 – april 2024 får rettleiing og støtte til å effektivisera og betra gjennomføringa av klimatilpassingsplanen.

Samferdsel har utarbeida egen handlingsplan for klimatilpassing av bygg og samferdselinfrastruktur som fylkeskommunen eig. Planen gir rammer for å unngå eller redusere risiko, sårbarheit og ulemper som klimaendringane kan medføre. Handlingsplanen skal sørga for at bygga og infrastrukturen til fylkeskommunen er rusta for å møte klimaendringane. Vi har gjennomført vedlikehald av ei rekke bruer etter

anbefaling frå siste årets inspeksjonar og lagt asfalt på omtrent 90 kilometer fylkesveg som er ein viktig del av å rusta opp infrastrukturen. Det har også blitt utarbeida ein intern strategi for samferdselsprosjekt med merksemd på naturmangfald og landskapsvern.

Våren 2023 vedtok fylkestinget eit nytt ambisiøst jordvern mål for Rogaland gjennom ei endring i den regionale jordvernstrategien. Det regionale målet er nå å halde omdisponering av matjord under 10 prosent av det nasjonale målet på 2 000 dekar, som inneber at Rogaland ikkje bør omdisponere meir enn maksimalt 200 dekar per år til andre formål.

Sommaren 2023 vedtok fylkestinget ein regional blågrøn struktur for kommunane som er omfatta regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Denne samanstillar viktige natur- og friluftsverdiar med NVEs aktsemdskart for flaum. Strukturen består av eit temakart med ei tilhøyrande retningslinje som forklarar korleis kommunane skal bruke kartet i deira arealplanlegging.

Hausten 2023 publiserte fylkeskommunen for første gong eit arelregnskap for heile fylket. Dette kan vere eit nyttig verktøy for å få oversikt over arealbruk, planlagde arealendringar og eksempelvis klimagassutslepp som følge av nedbygging av ulike typar areal og natur.





Foto: Jules Jansen/Unsplash

Konkurransedyktig region

I 2023 har nærings- og innovasjonsstrategien blitt følgt opp innanfor satsingsområda rein energi og maritim framtid, mat, reiseliv og oppleving. Strategien gjer fylkeskommunen sine ambisjonar tydelege, og viser kva rolle fylkeskommunen skal ha i utviklinga av Rogaland som matfylke, og korleis verkemidla skal bli nytta for å nå dette. Verkemiddelapparatet har blitt endå meir retta inn mot strategien, og det har blitt gitt tilsegn og støtte for om lag 110 millionar kroner.

Arbeidet med reiselivsstrategi for Rogaland fylkeskommune har starta. Vi har også arbeidd med regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet, som er Rogaland sin største turistmagnet. Planen skal beskrive korleis vi sameinar utviklinga i næringa og naturen sitt behov. Eit utkast til regionalplan skal sendast på høyring tidleg haust 2024.

Prosjektet Invest in Rogaland er satt i gong med mål om å tiltrekke fylket talent og få bedrifter nasjonalt og internasjonalt til å velge Rogaland når dei skal etablere seg, eller utvide eksisterande verksemder. Satsinga er ein

forlenging av det arbeidet Innovasjon Norge driv gjennom Invest in Norway, knyta til å marknadsføre Noreg som vertsland for utanlandske bedrifter.

I sommar vedtok fylkestinget regionalplan for grøn industri, som skal legge til rette for verdiskaping og nye arbeidsplassar i Rogaland innanfor grøn industri som bidrar til eit naturnøytralt lågutsleppssamfunn. Fleire næringar med ein plass i det grønne skiftet, krev mykje areal og tilgang på mykje elektrisk kraft. Planen ser på korleis ein kan legge til rette for vekst og utvikling for slike verksemder samtidig som tap av natur blir minst mogleg.

Helsefremmande og inkluderande samfunn

Fylkeskommunen driftar partnerskap for folkehelse med mål om å samordne folkehelsearbeidet i fylket og å bidra til å fremme god helse og utjevne sosiale forskjellar. I 2023 har vi hatt fokus på koplinga mellom oversiktsarbeidet og arbeidet med kommunal planstrategi, samt arbeid med frivillig sektor.

I 2023 har vi saman med kommunane og forskings- og kompetansemiljø utarbeidd rammer og retningslinjer i program for folkehelsearbeid 2024-2026. I desse åra skal vi satse på felles kompetanseheving i fylket og tiltaksutvikling i kommunar og fylkeskommunen.

Vi arbeider for å auke gjennomføring i vidaregåande opplæring og i år hadde vi den høgaste gjennomføringa vi har hatt, i løpet av fem/seks år, for eit årskull nokon gong. Av dei som starta i vidaregåande opplæring i 2016, fullførte og bestod 83,6 prosent i løpet av normert tid pluss to år. For å fortsette denne utviklinga er det mellom anna etablert eit prosjekt for å greie ut korleis fylkeskommunen gjennom styrka kvalifiseringstiltak på kort og lang sikt kan bidra til at alle unge mellom 15 og 30 år får opplæring som medfører høve til å oppnå yrkes- og/eller studiekompetanse. Det blir arbeidd med i første omgang å legge fram ei politisk sak våren 2024.

I samanheng med fagfornyelsen får skoleeigar tilskot til å støtte den kollektiv kompetanse-

utviklinga på skolane. Fleire skolar har pågåande utviklingsarbeid knytt til tema som «læringsfremmande relasjonar, elevmedverknad og vurdering» og «fleirkulturell skole». Nokre skolar har eit samarbeid med ulike universitet for å utvikle eigen praksis for leing.

I vidaregåande opplæring for vaksne ved Bryne vidaregåande skole blei det i 2023 starta eit prosjekt med opplæring i betongfaget og murar- og fliseleggarfaget. Dette er eit samarbeidsprosjekt med NAV og rettar seg mot personar med innvandringsbakgrunn. Ti deltakarar starta opp i august og blir ferdige i 2027.

Attraktive lokalsamfunn, tettstader og byer

Den regionale kulturmiljøplanen blei vedtatt i 2023 og bidreg til å verne og utvikle den felles kulturarven i heile Rogaland. Kulturarven er viktig for stadutviklinga og fører til levande og attraktive lokalsamfunn med eige særpreg.






Foto: Elisabeth Tønnessen

For å ta vare på, bruke og oppleve kulturarven i fylket, treng vi god kunnskap om korleis den best kan vernast, sikre engasjementet for kulturminna, og gjere kulturarven tilgjengeleg for befolkninga. Planen skal vise korleis kulturminne, kulturarv og kulturlandskap kan bli utvikla, bevart og formidla i framtida.

I 2023 oppretta vi pilotar for rådgjevingstenester innan bygningsvern i Ryfylke og på Haugalandet. Rådgjevingstenesta er eit tilbod om gratis rådgjeving for eigarar av verneverdige bygningar.

Vi oppretta også ei ny tilskotsordning. Tilskotsordninga rettar seg mot verdiskapings- og utviklingsprosjekt på kulturmiljøfeltet, og er også ein av satsingane frå fylkeskommunen for å fremme bevaring og utvikling av kulturarven.

Det har også blitt fordelt tilsegn og støtte på til saman 85 millionar kroner på kulturmiljøfeltet i 2023.

Vi har arbeidd med ny regionalplan for kultur og idrett i Rogaland 2024–2036. Det har vært gjennomført ein større medverknadsprosess med kommunane og representantar for dei ulike kulturfelta som en del av arbeidet med

planen. Formålet med planen er å peike ut den langsiktige retninga for kultur- og idrettsfylket Rogaland. Kultur- og idrettssatsinga i fylket skal støtte opp om visjonen til Rogaland fylkeskommune om berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland.

Følgande mål er lagt til grunn for utviklinga av Kultur- og idrettsfylket Rogaland:

- Utvikle berekraftige regionar, byar og lokalsamfunn med kultur og idrett som drivkraft.
- Legge til rette for eit mangfaldig kultur- og idrettssliv der alle kan delta.
- Oppnå felles løysingar gjennom samhandling og samarbeid om kultur- og idrettsfeltet.
- Bygge ein heilskapleg og berekraftig infrastruktur for kultur- og idrettsfeltet.

I 2023 har vi gitt tilsegn og støtte på 301,4 millionar kroner innanfor kultur- og idrettsfeltet.

Dagsturhytteprosjektet har opna fleire nye hytter i 2023, nå er 25 av 28 hytter opne og i bruk. Hyttene bidrar til å skape ein sosial møteplass og få fleire ut på tur i sitt nærmiljø.



Opplæring

Vidaregåande skole og opplæring i bedrift er ein svært viktig arena for å forberede unge – og en del vaksne – på vidare studiar og arbeidsliv.

Visjonen for kunnskapssektoren i Norge, skissert av kunnskapsdepartementet, er at alle som går inn i vidaregåande opplæring, skal bli kvalifiserte for læreplass, arbeid, utdanning og livslang læring. Å ha fullført vidaregåande opplæring er viktig for den enkelte, det gir arbeidslivet tilgang på kompetanse, og det er samfunnsøkonomisk lønnsamt. I tråd med dette har fylkestinget vedtatt følgjande hovudmål og satsingsområde for vidaregåande opplæring frå 2021 til 2025:

Alle elevar og lærlingar skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Satsingsområda er å:

1. fremme eit godt læringsmiljø
2. vektlegge ein aktiv elev- og lærlingrolle
3. kvalifisere til arbeid og studiar
4. utvikle profesjonsfellesskap blant dei tilsette på skolane

I juni 2023 vedtok Stortinget den nye opplæringslova, som trer i kraft 1. august 2024. Det er og sett i gang arbeid med eit stort prosjekt om inkludering i vidaregåande opplæring.

Resultat

Av dei som starta i vidaregåande opplæring i 2016, fullførte og bestod 83,6 prosent i løpet av normert tid pluss to år. Dette er den høgaste gjennomføringa vi har hatt for eit årskull nokon gong. Men det er ikkje gitt at framgangen held fram. Resultata dei siste åra, viser at gjennomføringa i løpet av fem/seks år har auka, men at skoleårsfullføringa har blitt redusert. Det vil krevje auka innsats for å sikre at vi opprettheld ei høg gjennomføring av heile løpet i vidaregåande opplæring og i framtida. Utviklingsarbeidet vil gå føre seg i skoler, lærebedrifter og administrasjonen, og krev utstrekt samarbeid og nytenking for å sikre ei enda betre vidaregåande opplæring. Kvalitetsmeldinga for 2023 gir ei grundig samanstilling av resultat skoleåret 2022/23 og er å finne på Rogaland fylkeskommune si heimeside.

I 2023 leverte vi:

- skoleplass til 16455 elevar i vidaregåande skole
- innføringstilbod til 400 minoritets-språklege elevar
- læreplass til 5960 lærlingar og 188 lære kandidat
- 3648 nye fagarbeidarar, av desse var 1042 praksiskandidatar og 81 elevar i vg3 fagopplæring i skole. I tillegg avla 76 lære kandidat kompetanseprøve.
- 9800 privatisteksamenar
- vaksenopplæring til 4705 deltakarar

- fagskoleutdanning til 1337 studentar
- nettbasert vidaregåande opplæring til 501 elevar
- kompetanseutvikling for 190 lærarar gjennom programmet Kompetanse for kvalitet og for 41 lærarar gjennom Yrkesfagløftet
- karriererettleiing til 1480 brukarar. I tillegg blei det i 2023 gitt 101 grupperettleiingar for 1622 personar.

Utviklingsarbeid

Dette gjorde vi i 2023:

- Forberedt innføring av ny opplæringslov som trer i kraft høsten 2024.
- Vidareutvikla prosjektet inkludering og tilpassa opplæring. Leiarar i skolane har saman med PP-tenesta og tillitsvalde gjennomgått opplæring i inkludering og støttesystem. Kompetanseutviklinga blir vidareført for alle tilsette i skolane.
- Tolv skolar og skolesenter i fylkeskommunen deltek i eit nasjonalt forsøk der orden og åtferd skal bli vurdert utan standpunkt-karakter. Elevane skal framleis få oppfølging og tilbakemelding som er eigna til å fremme sosial læring, og dei skal reflektere over eiga utvikling.
- Det er gitt tilgang til KI-verktøy i skolane gjennom ein personvernavklart språkmodell/praterobot i NDLA.
- Ny budsjettmodell for skolane er utarbeida, og tatt i bruk.
- Ny opplæringsmodell for vaksne, modulstrukturert fag- og yrkesopplæring (MFY), er forberedt. Rogaland er med i arbeidsgruppa for det nasjonale nettverket for modulstrukturert opplæring.
- PPT har endra praksis til å jobbe meir førebyggjande ved å delta på overføringsmøte for elevar som søker 1. februar, dette i samband med justeringar i inntaksmodellen til RFK.
- PPT har jobba med skoleprogram innan psykisk helseførebygging og grupperettleiing av sosialpedagogiske rådgivarar
- Det er vedtatt at Nettskolen Rogaland skal etablerast som ei eiga skoleeining frå hausten 2025, og all nettbasert opplæring skal samlast i nettskolen.
- Fortsett arbeidet med å rekruttere prøvenemndsmedlemmer i «gamle» og «nye» fag og kurse desse, i tillegg til å rekruttere lærebedrifter til nye fag.
- Kursing av instruktørar med spesiell merksemd på psykisk helse
- Vidareført prosjektet «Språkstøtte for lærlingar» der lærlingar med språkutfordringar får støtte av ein norsklærer medan dei er i bedrift.
- Etablert Senter for nyskapande utdanningar ved Fagskolen Rogaland. Senteret skal kartlegge og utvikle metodar for nyskapande og engasjerande læring, samt prøve ut nye samarbeidsmodellar mellom fagskolesektoren og arbeidslivet.
- Ferdigstilt høyringsutkast regionalplan kompetanse. Planen skal ut på høyring våren 2024, og ferdigstilles juni 2024.

Elevar i vidaregåande opplæring

Elevar, lærlingar og lærarar i Rogaland per 1. oktober, utvikling frå 2017/2018 til 2022/2023.

	2022/2023	2021/2022	2020/2021	2019/2020	2018/2019	2017/2018
Elevar ved fylkeskommunale vgs	16455	16417	16526	16404	16603	16929
Elevar i private skoler	1892	1932	1889	1838	1753	1770
Lærlingar med læreplass i Rogaland	5960	5589	5324	5432	5009	4778
Lærekandidatar i Rogaland	188	188	155	112	101	90
Elevar i Vg3 fagopplæring i skole	78	78	85	141	26	71

Kilde: Udir

Vaksenopplæring

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Talet på voksne søkjarar	1435	1465	1631	1357	1397	1469	1528	1352	1168	1015	800
Talet på real-kompetansevurderte	246	259	243	325	236	316	302	298	254	270	320
Talet på voksne under opplæring	4705*	4318	3882	3206	2851	2702	2360	2018	1774	1657	1622

Kjelde: Vigo Voksen

* Det reelle talet er 2000 deltakarar i fag. Resten er undervegs på annan måte.

Fagopplæring

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Talet på nye lærlingar	3100	3092	3026	2555	2830	2618	2489	2177	2374	2685	2892
Talet på nye elevar i fagopplæring i skole	76	90	77	166	51	97	117	158	8		
Talet på nye kontrakter, fagbrev på jobb	80	65	78	42							
Talet på nye lærekandidatar	149	102	97	69	61	54	55	37	45	64	55
Talet på avlagte fag- og svenneprøvar	3609	3360	3561	3128	3331	3016	3119	3312	3240	3115	2751

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Byggeprosjekt – vidaregåande skolar

Kor	Kva	Forbrukt 2023
Dalane vgs	Ventilasjon/renovering tekniske anlegg	0,02
Godalen vgs	Rehabilitering og nybygg auka kapasiet	190,80
Haugaland vgs	Ny verkstad	30,37
Haugaland vgs	Rehabilitering tak	7,52
Øksnevdal vgs	Riving og nybygg, auka kapasitet	6,17
Ølen vgs	Ombygging av administrasjonslokaler	0,63
Åkrehamn vgs	Rehabilitering areal byggfag (F-bygget)	-2,36
Hetland vgs	Nybygg for elevvekst, 270 elever	48,46
Jåttå vgs	Midlertidig bygg for midlertidig vekst (Hinna)	0,06
Skeisvang vgs	Rehabilitering og nybygg	9,03
Sola vgs	Oppgradere teknisk anlegg	37,20
Alle skoler	Tidliganalyse, areal- og funksjonsplaner og utviklingsplaner	3,57
Fylkeshuset	Rehabilitering og nybygg	18,03
Strand vgs	Rehabilitering og nybygg auka kapasitet	7,52
Ølen vgs	Utvendig rehabilitering	25,82
SOTS	Rehabilitering og nybygg	0,97
Alle skoler	Inventar midlertidige bygg og leide lokalar knytt til elevvekst	1,14
Alle skoler	Mobilnettet er utbetra	9,70
Alle skoler	Klimagassreducerande tiltak	1,35
Ullandhaug	Byggemodning tomter	1,23
Alle skoler	VO - inventar og utstyr	1,74
St. Olav vgs	Rehabilitering og nybygg	3,69
Sola vgs	Rehabilitering glasstak	1,39
Karmsund vgs	Sjøhuset	4,56
Alle skoler	Renholdsmaskiner-skolelokaler	2,46
Karmsund vgs	Sanering av fyrkjel og dampmaskin	2,19
Karmsund vgs	Etablering av brakker til undervisning	6,62
Karmsund vgs	Rehabilitering verkstadarealer	0,25
Strand vgs	Langsiktige arealer kroppsøving	0,41
Strand vgs	Uforutsette kostnader investering	9,34

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Rekneskap 2023

Stab, støtte og fellesutgifter	PPT	Opplæring i bedrift	Vidaregåande opplæring	Fagskolen	Vaksen-opplæring	Kriminal-omsorgen	Netto utgifter
186,2	35,2	456,6	2647,9	5,3	40,6	-0,4	3371,5

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	2937,8	2906,8	-31,0
Andre driftsutgifter	1166,8	983,0	-183,8
Sum utgifter	4104,6	3889,8	-214,8
Sum inntekter	-733,1	-515,9	217,2
Netto driftsresultat	3371,5	3373,9	2,4

Investeringar 2023	
Plan og tilrettelegging	43,5
Inventar og utstyr	41,6
Byggeprosjekter	468,7
Sum investeringar	553,8

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Samferdsel

Den store prisauken vi har opplevd dei siste åra har stabilisert seg. Men det er framleis eit uroleg marknad, og høgt prisenivå både innanfor investeringar og drift- og vedlikehald.

Gjennomføringa av Samferdselsstrategien og Handlingsprogram for samferdsel legger retninga for arbeidet i avdelinga.

Det er stor byggeaktivitet i heile fylket. Viktige milepålar er nådd i Bussvei-prosjektet, mellom anna blei lokket over den store rundkøyringa på Jåttå fullført – eit arbeid som tok 24 timar med kontinuerleg støyping, der det gjekk med cirka 3000 kubikk med betong. Betongen blei køyrd til anleggsområdet i 305 lastebillass. Når Bussveien er ferdig på Jåttå, blir lokket reservert for bussar og myke trafikantar. Bilar skal køyre under bakken. På Haugalandet blei prosjektet i Karmsundgata fullført med fire felt for bilane, eigen veg for gåande og eigen veg for dei som sykklar. Nå er det lettare og tryggare å koma fram for alle trafikantar i Karmsundgata. I Dalane starta blant anna arbeidet med gang- og sykkelveg på Ytstebrødveien på Eigerøy.

Dette jobbar vi med årleg:

- Drift, vedlikehald og utvikling av fylkesvegnettet, til saman om lag 2 500 kilometer veg, som er 85 prosent av vegnettet i fylket vårt.
- Vi styrker miljøvennleg transport i byområda på Jæren og på Haugalandet, mellom anna gjennom utvikling av eit høgverdig kollektivsystem.
- Skoleskyss og tilrettelagt transport (TT-ordning), trafikktryggleik og oppfølging av drosjeløyve, selskapsvognløyve og ruteløyve.

Resultat

Viktige aktivitetar i 2023:

- Oppstart av ny driftskontrakt for Dalane.
- Arbeid med konkurransegrunnlag for ny driftskontrakt på Haugalandet.
- Ny konkurranse om drift av rutetilbod med hurtigbåt i Ryfylke.
- Lokalpolitisk handsaming av Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy.

I 2023 ble følgande prosjekter fullført:

- Fv. 505/fv. 506 1900-krysset i Time, ny rundkjøring
- Fv. 44 Elvegata del 2 i Sandnes (Bymiljøpakken)
- Fv. 547 Karmsundgata (Haugalandspakken)
- Fv. 46 Miljøgate/GS-veg Vikedal sentrum-Søndenåfeltet
- Fv. 523 Gang-/sykkel-veg Solbakk-Grønevoll
- Fv. 4710 Økstrafjord bru, vedlikehald
- Fv. 4668 Ullestad bru, ny bru
- Fv. 509 Ishallen bru (midlertidig bru)
- Fv. 491 Forsand ferjekai, utbetring
- Fv. 46 Sandeid-Knapphus, fornying
- Fv. 4736 Vikevegen, fornying mellom Dommersnes og Skjeljarvik
- Fv. 4540 Madlavegen, utbetring av støyskjermar og busslommar

I tillegg har vi:


- Lagt nytt asfaltdekke på omtrent 90 kilometer fylkesveg.
- Det blei gjennomført vedlikehald av ei rekke bruer etter anbefaling frå siste årets inspeksjonar.

Utvikling

- Bompengepakkar på Haugalandet: Rogaland fylkeskommune fullførte sin del av arbeidet med kvalitetssikringa av Haugalandspakken (KS2)
- Vi kartla forfall og vedlikehaldsbehov på fylkesvegnettet i Rogaland, og arbeida med nye system for registrering og oppfølging av dette framover.
- Vi jobba med å utvikla organisasjonen i tråd med dei langsiktige utviklingsmåla, fram mot dei planlagde endringane i avdelinga etter årsskifte 2024.
- Avdelinga har utarbeidd ein intern handlingsplan for klimatilpassing av fylkeskommunen sine bygg og samferdselsinfrastruktur. Planen gir rammer for å unngå eller avgrensa risiko, sårbarheit og ulemper som klimaendringane kan medføre. Handlingsplanen skal sørge for at fylkeskommunens bygg og infrastruktur er rusta for å møte klimaendringane.
- Innanfor målet «Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø» blei det i løpet av 2023 utarbeidd ein intern strategi for samferdselsprosjekt med merksemd på naturmangfald og landskapsvern.



Frå opninga av ny gang- og sykkelveg mellom Solbakk og Grønevoll (Tau Jørpeland).



Bussveien: Lokket over den store rundkøyringa på Jåttå blei laga – eit arbeid som tok 24 timar med kontinuerleg støyping, der det gjekk med cirka 3000 kubikk med betong.

Rekneskap 2023

Stab, støtte og fellesutgifter	Transport og mobilitet	TT (tilrettelagt transport)	Bymiljøpakken	Trafikksikringstiltak (FTU)	Kollektiv (buss, båt, ferje)	Veger	Netto utgifter
-113,2	18,6	26,7	0,0	13,7	1326,0	817,3	2089,1

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	106,7	111,6	4,9
Andre driftsutgifter	3638,1	3602,1	-36,0
Sum utgifter	3744,8	3713,7	-31,1
Sum inntekter	-1655,7	-1633,1	22,6
Netto driftsresultat	2089,1	2080,5	-8,5

Investeringar 2023	
Utlån	0,0
Avsetning fond	775,2
Aksjer og andelar	6,9
Vegar	2295,0
Sum investeringar	3077,1

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Kultur- og næringsutvikling

Kultur- og næringssektoren blir prega av dei store trendane og konjunkturutviklinga i samfunnet. Den krevjande situasjonen med ekstraordinær pris- og kostnadsvekst forsterka seg 2023.

Hovudoppgåvene til avdelinga er allmenn kultur, idrett og kulturminnevern og næringsutvikling. Vi forvaltar fylkeskommunen sitt ansvar som sektormyndigheit innanfor kulturmiljøvern, og vi fordeler tilskot til ulike aktørar.

Vi har dessutan ei viktig rolle i forvaltinga av statlege verkemiddel innan kultur- og næringssektoren.



Bjørn Rørvik og Vaffelfisken – årets bok i Hele Rogaland lesar 2023.

Seksjon for allmenn kultur

Seksjon for allmenn kultur arbeider for å styrke kulturfeltet i Rogaland i vid forstand.

Det omfattar idrett, frivillige organisasjonar, bibliotek og dei tradisjonelle kunstfelta, og rettar seg mot dei yngste til dei eldste i heile fylket. Styrkinga inkluderer verkemiddel som tilskot og stipend, prosjekt, produksjon og formidling.

Resultat

- I 2023 fordelte vi 231 millionar kroner frå tilskotsordningar innan allmenn kultur og idrett.
- Fylkesbiblioteket gjennomførte 16 kurs, 2 seminar og 51 faglege samlingar for tilsette i biblioteka i Rogaland, med til saman 1 500 deltakarar. Fylkesbiblioteket var medarrangør på 12 offentlege arrangement med totalt 700 i publikum. Det blei kjøpt inn felles nettsideløysing for alle folkebiblioteka i Rogaland.
- Det blei gjennomført ein større medverknadsprosess med kommunane og representantar for dei ulike kulturfelta som del av arbeidet med ny kultur- og idrettsplan.
- Dagsturhytteprosjektet nærmar seg ferdigstilling av første fase med 25 av 28 hytter opne.
- Den kulturelle skolesekken har fått ansvar for ein kommune til, etter at Karmøy kommune sa frå seg status som direktekommune, og programmerer no for alle elevar og skolar der òg.
- UKM-fylkesfestivalen fann i 2023 stad på Vågen VGS, og gjennomført i samarbeid med Sandnes kommune.

Utvikling

- Arbeidet med ny regional plan for kultur og idrett skal ferdigstillast med høyringsrundar våren 2024, og endeleg vedtak i fylkestinget til hausten.

- Dagsturhytteprosjektet går etter kvart over i ein ny fase, og Sparebankstiftelsen SR-Bank har sett av 2,7 millionar kroner til å vidareutvikle konseptet.
- Den kulturelle skolesekken var vertskap for Nasjonal arena for tilrettelagt, som er ein nasjonal møtestad som set søkelys på korleis ein skal auke mangfald og korleis ein skal lykkast med tilrettelegging, slik at DKS vert tilgjengeleg for alle elevar.

Kulturarv

Seksjon for kulturarv arbeider for ei god forvalting av Rogaland si nasjonale og regionale kultur- og naturarv, og skal skape innsikt og forståing om vår eiga historie og identitet. Det gjer vi ved å

- drive saksbehandling og arkeologiske undersøkingar for å sikre at kulturminne frå steinalder til nåtida blir teke vare på, gjennom behandling av plan og byggesaker
- bidra til regionale utviklings- og planprosessar
- gje tilskot for å ta vare på kulturarven
- bidra i utvikling av museumssektoren

Resultat

- Regionalplan for kulturmiljø blei vedtatt i 2023, og det er tilsett ein rådgjevar med ansvar for å koordinere og følge opp tiltaka i planen.
- Det blei i 2023 fordelt tilskot på til saman 20,195 millionar kroner på kulturmiljøfeltet. Tilskota er i hovudsak retta mot verna bygg, anlegg og fartøy i fylket.
- Det er vedtatt ei ny fylkeskommunal tilskotsordning for kulturmiljøfeltet, der ein million skal fordelast årleg til ulike utviklings- og verdiskapingsprosjekt.



- Det er gjennomført arkeologiske registreringar i 53 saker der det var nødvendig å undersøke jamfør undersøkingsplikta i kulturminnelova.
- To pilotar for rådgjevingsteneste for bygningsvern er starta opp, i Ryfylke og på Haugalandet.

Utvikling

- Regionalplan for kulturmiljø er det fremste verktøyet i styrkinga av vår rolle som samfunnsutviklar på kulturmiljøfeltet.
- Rådgjeving, formidling og deling av kunnskap om kulturmiljøa i Rogaland er eit viktig innsatsområde. Dialog og nettverksbygging med kommunar, organisasjonar, det frivillige og andre aktørar er sentralt.

- Bruk og utvikling av kulturmiljø som ein ressurs i stadutviklinga vil vektleggast gjennom ulike prosjekt og tiltak i tråd med regionalplanen.
- I prøveprosjektet «Arkeologi på nye veier» langs E39 mellom Ålgård og Lyngdal, er det lagt ein plan for den kommande vitskapelege publikasjonen om resultata frå prosjektet.

Næring

Seksjon for næring er pådrivar for kompetanse, endring og omstilling, og koordinerer og samarbeider med ei rekke aktørar. Slik skapar og legg vi til rette for næringsutvikling i heile Rogaland, ved hjelp av ulike verkemiddel forankra i nærings- og innovasjonsstrategien. Rogalandsmodellen er vår eigen metodikk for samspel og løysing av konkrete utfordringar.

Året har vore prega av godt regionalt samarbeid for å samordna og sette i gang tiltak for næringsliv, kommunar og andre samarbeidsparter. Dei ulike økonomiske verkemidla frå fylkeskommunen for næringsutvikling har hatt god pågang.

Resultat

- I 2023 blei det gitt tilsegn for om lag 47 millionar kroner frå dei ulike tilskotsordningane til næringsutvikling.
- Ulla-Førrefondet fekk inn 41 søknader for 2023-utlysinga. Fem av søkarane fekk tilsegn på til saman 32,1 millionar kroner.
- Innovasjon Noreg og Siva fekk overført 27,9 millionar kroner til bedrifter innan deira felt.
- Eigersund kommune fekk som einaste kommune 3,5 millionar kroner til omstilling over statsbudsjettet.
- Skape gjennomførte 98 kurs for 1393 etablerarar og 420 kundar fekk individuell rådgiving.
- I 2023 blei 25 av dei nye søknadene om tilsegn til nye og eksisterande akvakulturlokalitetar og akvakultur av nye artar, avslutta med enkeltvedtak.

Utvikling

- Nærings- og innovasjonsstrategien er følgt opp innanfor satsingsområda rein energi og maritim framtid, mat, reiseliv og oppleving.
- Arbeidet med å utarbeide eigen reiselivsstrategi for Rogaland fylkeskommune har starta.
- Invest In Rogaland er satt i gang. Prosjektet skal tiltrekke bedrifter, talent og kapital til Rogaland.
- Som vert for Stavangerregionen sitt Europa-kontor og ved tilsetting av ein eigen EU-rådgivar, har vi jobba aktivt for å mobilisera kommunar, næringsliv, akademia og andre relevante aktørar i heile fylket til å ta del i EU sitt nettverk, prosjekt og program.
- Kompetansenettverk for lokalmat i Sør-Noreg omfattar Rogaland og Agder fylke: Rogaland fylkeskommune får midlar frå Landbruks- og matdepartementet og leiar styringsgruppa for nettverket. Det blei løyvd 2,4 millionar kroner til arbeidet i 2023. Nofima forvaltar ordninga som mellom anna består av ei besøksordning for lokalmatprodusentar, og ulike kurstilbod.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Rekneskap 2023

Stab, støtte og felles-utgifter	Bibliotek	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaktiviteter	Kulturminneforvaltning	Museer	Næringsutvikling	Skape	Ulla-Førrefondet	Netto utgifter
18,5	9,2	14,9	61,8	26,3	11,3	31,1	58,1	36,9	1,2	0,0	269,5

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	79,1	86,7	7,6
Andre driftsutgifter	713,6	547,4	-166,2
Sum utgifter	792,7	634,0	-158,7
Sum inntekter	-523,2	-362,0	161,3
Netto driftsresultat	269,5	272,1	2,6

Investeringar 2023

Kjøp av aksjer og andelar	1,5
Sum investeringar	1,5

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Foto: Elisabeth Tønnessen

Plan, miljø og samfunn

I 2023 har vi arbeidd med viktige planar og andre grep for å bidra til ei berekraftig utvikling av Rogaland i åra framover. Særleg har mange prosjekt på ein eller annan måte involvert arealbruk og samanhengane mellom klima, natur, energi og areal.

Samfunnsoppdraget

Plan-, miljø- og samfunnsavdelinga har ansvar for eit breitt spekter av oppgåver. Vi er planmyndigheit med ansvar for regionale planar og rettleiing av kommunane og oppfølging av kommunale planar. Vi er òg ein regional utviklingsaktør med ansvar for å fremme heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling i heile Rogaland. I tillegg har vi ei rekke forvaltningsoppgåver på ulike felt. Vi jobbar blant anna med

- å gi råd til kommunane om areal- og transportplanlegging og følger opp føringar og vedtak i regionale planar.
- utvikling, forvaltning og saksbehandling innan ei rekke viktige tema som natur, vassmiljø, jordvern, friluftsliv, klima, energi, massehandtering, folkehelse, universell utforming, tettstadutvikling og overordna regional planlegging.
- å generere kunnskap i form av rapportar, kart, statistikk og analyse som støttar fylkeskommunen sitt arbeid.
- å legge til rette for samordning, samhandling, kompetansebygging og erfaringsutveksling, blant anna gjennom ulike nettverk og arrangement, som til dømes ein årleg plan- og byggesakskonferanse som vi arrangerer saman med Statsforvaltaren.

Resultat

- Vi ferdigstilte regionalplan for grøn industri. Planen skal legge til rette for verdiskaping og nye arbeidsplassar i Rogaland som bidrar til eit naturnøytralt lågutsleppssamfunn.
- Hausten 2023 publiserte fylkeskommunen for første gong eit arealrekneskap for heile fylket. Arealrekneskap kan blant anna vere eit nyttig verktøy for å få oversikt over arealbruk og planlagde arealendringar.
- Vi utforma eit nytt jordvernmål for Rogaland. Det nye målet inneber å halde omdisponering av matjord under 10 prosent av det nasjonale målet på 2000 dekar.
- Vi har utarbeidd internasjonal strategi for fylkeskommunen. Strategien skal vere eit styringsverktøy for korleis fylkeskommunen best kan bruke sitt internasjonale engasjement og sine roller og verkemiddel, til å fremme berekraftig utvikling i fylket og internasjonalt.
- Vi ferdigstilte ein regional blågrøn struktur for kommunane omfatta av regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Denne samanstillar viktige natur- og friluftsverdiar med NVEs aktsemdskart for flaum, og skal ligge til grunn for kommunane sin planlegging.
- Fylkeskommunen sin miljøpris blei i 2023 delt ut til Byens skomaker og NMS Gjenbruk for deira bidrag til meir berekraftig handel gjennom gjenbruk og reparasjon.



- Fylkeskommunen sin tilgjengelegheitspris blei tildelt Sandnes kommune for arbeidet med å gjere Langgata universelt utforma og etablere universell åtkomst til butikkløkala.
 - Fylkeshuset, Strand vgs, St. Olav vgs, Møllehagen skolesenter, Hollenderhaugen skolesenter, Jåttå vgs og Dalane vgs blei resertifisert som Miljøfyrtårn for tre nye år.
 - Vi har bidratt til å utarbeide rammer og retningslinjer for den siste programperioden 2024–2026 i program for folkehelsearbeid. I desse åra skal vi satse på felles kompetanseheving i fylket og tiltaksutvikling i kommunar og fylkeskommunen med mål om at alle kommunar skal få ein gevinst av programmet.
- ### Utvikling
- Vi arrangerte fem regionsamlingar i fylket der kommunar, frivillige organisasjonar og næringsliv medverka til Utviklingsplan for Rogaland – regional planstrategi 2025–2028. Planen er det øvste styringsdokumentet for fylkeskommunen og utarbeiding av denne er ei lovpålagt oppgåve. Planen skal bli vedtatt i 2024.
 - Vi har starta arbeidet med Berekraftsfylket Rogaland. Satsinga skal fremme samarbeid for kunnskapsbasert berekraftig utvikling.
 - Vi har arbeidd med Regionalplan for klimaomstilling. Planen skal vise kva som må til for at Rogaland skal lykkast med klimaomstillinga, og på sikt bli eit klimatilpassa lågutsleppssamfunn. Utkast til regionalplanen skal sendast på høyring tidleg haust 2024.
 - Vi har arbeidd med regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Hovudmålet for planen er knytt til å bevare natur, kulturmiljø og landskap i Preikestol- og Lysefjordområdet, og samtidig legge til rette for reiselivsbasert næring knytt til området. Eit utkast til regionalplan skal sendast på høyring tidleg haust 2024.
 - Vi følger opp regionalplan for klimatilpasning i Rogaland. I samband med at Rogaland fylkeskommune deltar i EUs samfunnsoppdrag for klimatilpasning, har vi i 2023 fått innvilga støtte i form av såkalla teknisk assistanse frå EUs Mission Platform. Fylkeskommunen får i perioden november 2023–april 2024 rettleiing og støtte til å effektivisere og betre gjennomføringa av klimatilpasningsplanen.

- Vi har framleis stort trykk på rettleiing av kommunane i deira arbeid med kommune- og reguleringsplanar. Mange kommunar hadde endeleg behandling av sin kommuneplan. Ti av desse var til behandling i fylkesutvalet og dei fleste var også innom drøfting og meking. Talet på reguleringsplanar var noko lågare (340) enn i tidlegare år (snitt 370), mens talet på dispensasjonssaker til behandling har gått jamt oppover dei siste åra frå 81 i 2020 til 178 i 2023.
- Vi driftar partnerskap for folkehelse. I 2023 har vi hatt fokus på koplinga mellom oversiktsarbeidet og arbeidet med kommunal planstrategi, samt arbeid med frivillig sektor.
- Som eit ledd i arbeidet med fylkeskommunen sin handlingsplan for å fremme psykisk helse og førebygge sjølv mord, har vi gjennomført ein implementeringsstudie av undervisningsprogrammet YAM (Youth Aware of Mental Health) på vidaregåande skole.
- Vi har delt ut tilskot gjennom ei rekke ulike tilskotsordningar:

Tilskotsordning

	2023		2022	
	Antal prosjekt	Tildelt kroner	Antal prosjekt	Tildelt kroner
Tilskot til attraktive tettstader	8	1 535 000	11	1 546 875
Tilskot til energikartlegging for frivilligheita	1	20 000	-	-
Tilskot til energitiltak for frivilligheita	18	1 965 526	-	-
Tilskot til folkehelsearbeid	13	1 252 490	7	1 250 000
Tilskot til fremme av innlandsfiske i Rogaland	4	105 000	5	85 240
Tilskot til friluftslivsarbeid	15	2 230 000	17	2 146 250
Tilskot til klimaomstilling	16	1 535 000	5	1 000 000
Tilskot til natur- og miljøtiltak	10	420 000	10	407 000
Tilskot til universell utforming	14	1 400 000	9	1 350 000
Tilskot til vannmiljøtiltak	23	2 071 000	18	1 700 000
Tilskot til vilttiltak	9	473 000	-	-
Totalt	131	13 007 016	82	9 485 365

alle tal i heile kroner



Foto: Elisabeth Tønnessen

Rekneskap 2023

Stab, støtte og fellesutgifter	Planlegging og utgreiing	Vassforvaltning	Friluftsliv og miljøtiltak	Folkehelse	Internasjonalt arbeid	Universell utforming	Netto utgifter
4,2	33,6	3,7	17,5	11,2	1,4	1,6	73,2

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	33,2	33,0	-0,2
Andre driftsutgifter	65,6	43,9	-21,8
Sum utgifter	98,8	76,8	-22,0
Sum inntekter	-25,6	-0,7	24,9
Netto driftsresultat	73,2	76,1	2,9

alle tal i millionar kroner



Tannhelse

I 2023 var drifta omtrent tilbake til normalen i Tannhelse Rogaland etter pandemien. Høgt sjukefråvær og utfordringar med rekruttering har prega året. Likevel blir gode resultat leverte på pasientar under tilsyn.

Tannhelse Rogaland er den tenesta i Rogaland fylkeskommune, bortsett frå offentleg kommunikasjon, som har størst kontakt med befolkninga. I 2023 var 185 347 personar under tilsyn av Tannhelse Rogaland. Tannhelse-utviklinga synes å ha stabilisert seg på eit høgt nivå, der stadig færre barn og unge får hol i tennene.

Den offentlege tannhelsetenesta har fått utvida mandatet sitt, og rettane for 21-24-åringane blei endra i løpet av 2023. Dette er i tråd med den overordna helsepolitikken, der ei styrking av det offentlege står sentralt.

Det har vore brei satsing på folkehelsefeltet i 2023. Tannhelse Rogaland har i 2023 formidla kunnskap for å fremme god folkehelse. Føretaket har helsefremmande og førebyggjande tiltak retta mot prioriterte pasientgrupper,

samarbeidspartnarar i helsetenester, skolar og andre tenester.

Innan kvalitet og pasienttryggleik har det vore aktivt arbeid for å sikra at Tannhelse Rogaland er i tråd med regelverket og arbeider kontinuerleg med forbetring. Det har vore fokus på å auka systemkunnskap.

Som IA-bedrift jobbar føretaket med å forbetra arbeidsmiljøet og vidareutvikla organisasjonskultur med merksemd på nærvær, omsorg, integrering og kvalitet.


Tannhelse Rogaland FKF leverer eiga årsmelding. Der finn du meir informasjon om aktivitetar i føretaket og tannhelsetilstanden i fylket. Vi viser til denne for nærare detaljar om tenesteleveransen. Årsmelding og rekneskap er tilgjengeleg på www.tannhels erogaland.no

Rekneskap 2023


	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	0,0	0,0	0,0
Andre driftsutgifter	326,8	326,8	0,0
Sum utgifter	326,8	326,8	0,0
Sum inntekter	0,0	0,0	0,0
Netto driftsresultat	326,8	326,8	0,0

alle tal i millionar kroner

Medarbeiderar og organisasjons- utvikling



Administrativ organisering



Det var ved årsskiftet 4221 tilsette, som utførte 3944 årsverk. Av disse er 2566 kvinner (61 prosent) og 1655 menn (39 prosent). Ved årsslutt var det like under 100 lærlingar i ulike fylkeskommunale lærebedrifter, innan ti ulike lærefag. Gjennomsnittsalderen for tilsette i fylkeskommunen er 47 år. I Tannhelse Rogaland FKF er det 408 medarbeidarar, av desse er 367 kvinner (90 prosent) og 41 menn (10 prosent).



Fylkesdirektøren er øvste leiar for administrasjonen. I 2023 gjennomførte ein desse tiltaka:

- Avdeling organisasjon og digitalisering blei oppretta ved årsskiftet då avdelingane personal og organisasjon og digital utvikling blei slått saman.
- Reviderte rutineane for rekruttering og ny handbok for rekruttering, samt ny landingsside for bistand til rekruttering.
- Digitalisering av prosessane knytt til søknad om midlar til kompetanseheving og økonomisk støtte til seniorar.
- Opplæring til leiarar som mellom anna resulterte i nytt kurs «Ny som leiar», samt digitalt kurs for den same målgruppa.
- Opplæring i Hovedavtalen til leiare og tillitsvalte på dei vidaregåande skolane, samt avdeling organisasjon og digitalisering, der det blei avhalde ein digital samling med påfølgande kursdag.
- I samband med overgang til Teams for classroom og avvikling av itslearning blei det satt i gang kurs og opplegg for skolane slik at overgangen skal gå smertefritt. Itslearning går ut av bruk til skolestart hausten 2024.
- Fylkesdirektøren oppretta ei partsamansett gruppe, som skal sjå på korleis vi kan arbeide førebyggjande og heilskapleg i heile organisasjonen med arbeidsmiljøet. Gruppa skal også kome med innspel til ein revisjon av dei interne varslingsrutinane. Bakgrunnen for arbeidet er ei auke i varslingssaker den siste tida; samt viktige funn i FOU-rapporten «Varsling i kommunar og fylkeskommunar». Arbeidet blei igangsett i november 2023 og vil levere eit framlegg til eit heilskapleg rammeverk til fylkesdirektør innan februar 2024.
- Ein felles tenestekatalog for heile organisasjonen, dette handlar om å få til sikre løysingar for alle våre brukare.
- Ein avtale om ny portal for kurs, onboarding, kompetanseheving og opplæring internt. Avtalen er med Attensi AS, og har som formål å samle alle opplæringstiltak.
- Planlegging av organisasjonsutviklingsprosess for heile sentraladministrasjonen. Denne skal være ferdig til vi flyttar i midlertidige lokalar sommaren 2024.
- Innkjøp av kunstig intelligens til bruk i post-mottaket for heilautomatisk registrering av post.
- Innkjøp av, og produksjonssatt, ny webskjemaløysning som vil gi store digitaliseringsfordeler for både brukarar og tilsette
- «Jobb med mening», ein film som skal medverke til rekruttering av nye kollegaer, blei lansert.
- Fleire kurs i klarspråk og nynorsk blei arrangerte.
- Arbeidet med ein ny skriverettleiar for alle tilsette blei slutført.
- Kommunikasjonsavdelinga medverka i arbeidet med fleire regionale planar, i fleire prosjekt og i arbeidet med utviklingsplanen.
- Vi gjennomførte ein kampanje for å auke valdeltakinga
- Jobba med å synleggjere dagsturhyttene i Rogaland.
- Arbeidet med ei oppfrisking av den visuelle profilen starta.

Brannsikring

Kor	Kva	Forbrukt 2023
St. Svithun vgs	Pålegg nye branndører	200
Vardafjell vgs	Branndører	724
Karmsund vgs	Utbetring røykluker	224
Randaberg vgs	Rehabilitering av tavler	765
Randaberg vgs	Nød- og ledelys	337
Sauda vgs avd. Sand	Avvik etter brannkontroll	225
Øksnevd vgs	Brannalarm driftsbygningar	871
Øksnevd vgs	Bytte gammel brannsentral	143

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Enøktiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2023
Bryne vgs	Fjernvarme Brynehallen	547
St. Svithun vgs	Utskiftning gasskjelar	1228
Haugaland vgs	Solcelleanlegg	1876
Randaberg vgs	Utskiftning gasskjelar	1571
Sauda vgs avd. Lofthus	Fjernvarme	6589

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Miljøtiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2023
St. Olav vgs	Ansattgarderobar	2380
Vågen vgs	Ny søppelløysning	2093

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Energiforbruk

År	kWh/m ²
2009	151
2010	171
2011	141
2012	139
2013	143
2014	131
2015	123
2016	123
2017	116
2018	110
2019	110
2020	112
2021	112
2022	107
2023	107,7

Snitt energiforbruk på heile bygningsmassen til fylkeskommunen. Målsettinga var å redusere med 20 % frå 2009-nivå innan 2020.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Universell utforming

Kor	Kva	Forbrukt 2023
Hetland vgs	Rømningsrampe	1571
Bergeland vgs	Nytt kjøkken TIO-avd.	712
Dalane vgs	Prosjektering heis	631
Haugaland vgs	Ny heis 1982-bygg	491
Randaberg vgs	Nytt kjøkken TIO-avd.	317
Sauda vgs	Ny rullestolrampe	113
Sola vgs	Nye skyvedører	295
Åkrehamn vgs	Nytt oversiktsskilt	187
Diverse skoler	Skilting og merking	319
Fylkeshus Haugesund	Støydemping	171

alle tal i heile 1000, inkludert mva



Rekneskap 2023

Folkevalde styrer, utvalg og råd	Fylkesdirektør	Stab og støtte	Netto utgifter
53,8	11,4	465,9	531,1

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik
Løn	197,0	203,3	6,3
Andre driftsutgifter	449,0	413,6	-35,4
Sum utgifter	646,0	616,9	-29,1
Sum inntekter	-114,9	-75,7	39,2
Netto driftsresultat	531,1	541,2	10,1

Investeringar 2023	
Bygg og vedlikehald	20,3
IKT	22,9
Utlån, aksjer og andelar	20,3
Avsetning til fond	22,1
Dekning av underskudd 2022	16,5
Diverse	0,7
Sum investeringar	102,8

alle tal i millionar kroner, inkludert mva

Likestilling og mangfald

Oversikt og rapportar knytt til aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) etter likestillings og diskrimineringslova for 2023.

1. Kjønnsbalanse

Oversikt over tilsette i Rogaland fylkeskommune fordelt på stillingskapittel og kjønn.

År	2023		2022		2021	
Kapittel	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
3	151	121	145	121	138	126
4.1.	503	276	551	274	508	203
4.2.	1559	1036	1583	1049	1537	1030
5	353	222	344	224	323	230
Totalt	2566	1655	2623	1668	2506	1589
Prosentfordeling	61 %	39 %	61 %	39 %	61 %	39 %

Kort forklaring til dei enkelte kapitla:

- **Kapittel 3:** Leiar med budsjett-, økonomi- og personalansvar
- **Kapittel 4.1:** Tilsette med fagbrev og stillingar utan krav til høgare utdanning
- **Kapittel 4.2:** Undervisningspersonale og andre stillingar med krav om høgare utdanning
- **Kapittel 5:** Stillingar med krav til høgare akademisk utdanning eks. rådgjevar

Det er ved utgangen av 2023 4221 tilsette i Rogaland fylkeskommune. Oversikta viser at det er ei overvekt av kvinner tilsett i Rogaland fylkeskommune. Den største skilnaden mellom kjønna er å finne i kapittel 4.1 som gjeld stillingar utan krav til høgare utdanning.

Oversikt over tilsette i Tannhelse Rogaland FKF fordelt på kvinner og menn.

År	2023		2022		2021	
Stillingskategoriar	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Tannhelse Rogaland FKF	367	41	354	43	334	38
Prosentfordeling	90 %	10 %	89 %	11 %	90 %	10 %

Den store overvekta av kvinner gjeld både for tannlegar og administrativt tilsette. Talet for tannlegar speiler i stor grad søkinga til odontologistudiet, der det per i dag er nærare 80 prosent kvinner som blir tatt opp som

tannlegestudentar. Når det gjeld yrkesgruppa tannpleiarar og tannhelsesekretærer, er det hovudsakleg kvinner som søker og blir utdanna til desse yrka.

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Rogaland fylkeskommune

År	2023		2022		2021	
Stilling	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Fylkesdirektør	1	0	0	1	0	1
Ass. fylkesdirektør	0	1	0	1	0	1
Fylkesadvokat	1	0	1	0	1	0
Avdelingssjef	4	4	6	4	5	4
Ass. fylkesopplæringssjef	1	0	-	-	-	-
Ass. regionalplansjef	0	1	0	1	0	1
Einingsleiar	1	1	-	-	-	-
Seksjonssjef	14	9	10	9	10	10
Ass. seksjonssjef PPT	1	0	1	0	1	0
Rektor	14	17	11	18	11	17
Leiar (adm)	3	0	-	-	-	-
Avdelingsleiar og administrasjonsleiar	111	88	113	85	104	92
Totalt	151	121	142	119	132	126
Prosentfordeling	55 %	45 %	55 %	45 %	51 %	49 %

Kvinneandelen av tilsette totalt sett er høgare enn for menn (61 prosent mot 39 prosent), noko som er tilsvarande tala dei føregåande år.

Dette gjer det naturleg at vi har ein noko høgare prosentdel kvinnelege leiarar i organisasjonen.

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Tannhelse Rogaland FKF

År	2023		2022		2021	
Stilling	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Fylkestannhelsesjef*	1	0	1	0	1	0
Andre leiarstillingar	7	3	7	3	8	2
Totalt	8	3	8	3	9	2
Prosentfordeling	73 %	27 %	73 %	27 %	82 %	25 %

*tom 10. september 2023.

Kvinner er framleis overrepresentert i leiande stillingar innan tannhelse, noko som speglar både søknadstal til dette studiet og fordelinga av kjønnsbalansen innan offentleg tannhelse.

Primært kvinner søker seg til stillingar innan offentleg tannhelse, dette gjeld både tannlegar, tannpleiarar og administrativt personale.

Kjønnsdelt oversikt over tilsette med arbeidstid lågare enn 100 prosent i 2022

Kapittel	Kvinner	Menn	Totalt
3	3	1	4
5	32	9	41
4.1.	186	52	238
4.2.	371	137	508
Totalt	592 (790)	199 (276)	791 (1066)
Prosentfordeling	75 % (74 %)	25 % (26 %)	

(2022-tal i parentes)

Av totalt 4221 tilsette (mot 4291 i 2022), har nå 791 tilsette, inkludert vikarar og ev. midlertidig tilsette i delstillingar (mot 1066 i 2022), redusert arbeidstid. Totalt utgjer tilsette med redusert arbeidstid i 2023 18,7 prosent, mot 24,8 prosent i 2022.

Tala viser både ønska og uønskt deltid. Uønskt deltid gjeld hovudsakleg for fagområda reinhald

og miljøarbeid i kapittel 4.1, ettersom desse yrkesgruppene følger skoleåret. I kap. 4.2 finn vi hovudsakleg pedagogar som underviser i eitt enkeltfag eller i eitt instrument på skolar med utdanningsprogram for musikk, dans og drama.

Rogaland fylkeskommune arbeider kontinuerleg for å utvikle ein heiltidskultur. Det er rutinar for å følge opp føresegn i arbeidsmiljølova,

hovudtariffavtalen og vedtak i administrasjonsutvalet. Det har vært særleg fokus på å redusere uønskt deltid i stillingar som følger skoleåret og det har vist seg fleire tilfelle der skolane har lykkast med dette. For skolane er dette problemstillingar som er nært knytt opp mot budsjett.

Det blir kvart år gjennomført to møter med dei tillitsvalde sine organisasjonar kor dette er tema, og det blir årleg skrive ein statusoppdatering til administrasjonsutvalet.

Midlertidig tilsette

To gangar årleg blir bruken av midlertidige tilsette i sentraladministrasjonen og på dei vidaregåande skolane kartlagt, og resultatet blir drøfta med organisasjonane. I 2023 ble det rapporter om 48 midlertidig tilsette i prosjektstillingar (kvinner/menn 50/50 prosent), og totalt 352 tilsette i vikariat (kvinner (66 prosent, menn 34 prosent).



Kjønnsdelt aldersfordeling for tilsette over 55 år i 2023

Alder/kjønn	Kvinner	Menn	Totalt
55–59 år	377 (381)	244 (244)	621 (625)
60–61 år	129 (110)	101 (92)	230 (202)
62–64 år	122 (113)	102 (107)	224 (220)
65 år og eldre	78 (78)	74 (66)	152 (144)
Totalt	706 (682)	521 (509)	1227 (1191)

(2022-tal i parentes)

Tala viser at det også i 2023 er ei auke i talet på tilsette som er eldre enn 55 år. Den største auken er i gruppa tilsette mellom 60 og 61 år generelt og for kvinner spesielt. Prosentandelen over

55 år har ein liten auke sett mot føregåande år, med 29 prosent i 2023 mot 27,7 prosent og 28,3 prosent i høvesvis 2022 og 2021.

Totalt sjukefråvær per kvartal i perioden 2021–2023

	2023	2022	2021
1. kvartal	6,23 %	7,21 %	5,70 %
2. kvartal	4,99 %	4,57 %	4,86 %
3. kvartal	4,52 %	4,34 %	4,93 %
4. kvartal	5,72 %	5,83 %	5,76 %
Totalt fråvær i %	5,41 %	5,57 %	4,85 %

Måltal (ikkje inkludert Tannhelse Rogaland FKF) for Rogaland fylkeskommune er at sjukefråværet ikkje skal overstiga 5,2 prosent per år (jf. nasjonale føringar og intern IA-handlingsplan for perioden 2021–2023). Det totalt sjukefråværet for 2023 på 5,41 prosent, ligg marginalt over vårt mål om fråvær under 5,2 prosent.

Det totale sjukefråværet i 2023 for Rogaland fylkeskommune er 5,41 prosent. Korttidsfråværet (1–16 dagar) er 1,89 prosent. I dei vidaregåande skolane er fråværet 5,26 prosent og i sentraladministrasjonen er fråværet 6,02 prosent. Når ein samanliknar med dei to føregåande åra så ser vi at fråværet er stabilt.

I 2021 var det totale sjukefråværet 5,35 prosent og i 2022 var det 5,57 prosent.

Et tiltak for å få ned sjukefråværet som prøves ut skoleåret 2023-2024 er å ha månedlege møter med leiargruppa på skolane som har høgt fråvær. Leiarar på skolen og rådgjevar i sentraladministrasjonen arbeider saman om å finne gode tiltak og utveksle erfaringar.

Det er i 2023 innført nye retningslinjer for oppfølging av lærlinganes sjukefråvær i organisasjonen, noko som vi håper vil bidra til tettare oppfølging og lågare sjukefråvær. God sjukefråværsutvikling siste halvår 2023 for denne gruppa.

Sjukefråværsutvikling siste tre år

	2023	2022	2021
Sentraladministrasjonen	6,02 %	6,03 %	4,75 %
Vidaregåande skolar	5,26 %	5,47 %	5,48 %
Totalt Rogaland fylkeskommune	5,41 %	5,57 %	5,35 %

Sluttalder for tilsette i RFK med AFP og uførepensjon

Gjennomsnittleg sluttalder for tilsette som går av heilt eller delvis med AFP og uførepensjon.

	AFP 2023	Uføre 2023	AFP 2022	Uføre 2022	AFP 2021	Uføre 2021
SPK	64 år (42)	51 år (14)	63 år (18)	54 år (19)	64 år (43)	52 år (22)
KLP	64 år (16)	51 år (21)	64 år (28)	50 år (21)	62 år (17)	51,5 år (14)

Ein kan sjå av tabellen at det er fleire som vel å ta ut AFP (heilt eller delvis) i 2023 (58 tilsette) enn i 2022 (46 tilsette).



Del i foreldrepermisjon

I 2023 har 205 personar hatt foreldrepermisjon. Målt i årsverk utgjør dette 1,5 prosent (58,3 av totalt 3944 årsverk), mot 1,6 prosent i 2022 (59,4 av totalt 3810 årsverk i 2022). Av desse utgjør kvinner 69,5 prosent (71,6 prosent 2022) og menn 30,5 prosent (28,4 prosent).

Intern tilrettelegging for tilsette med redusert funksjonsevne

Rogaland fylkeskommune legg til rette for at personar med redusert funksjonsevne får ein tilrettelagt arbeidskvardag og at ein ved tilsettingar har merksemd på at kvalifiserte søkjarar med redusert funksjonsevne blir kalla inn til intervju.

IA-handlingsplan

IA-handlingsplan gjeldande for perioden 2021–2023 blei i administrasjonsutvalet hausten 2023 forlenga ut 2024. Satsingsområda er knytt til psykisk helse, vald og truslar og muskel/skjelettplager.

Det er gjennomført opplæring innanfor dei ulike tema. Det har mellom anna blitt gjennomført arbeid knytt til miljøpersonell innan tilrettelagd opplæring der eit partssamansett utval har arbeidd med å utarbeida forslag til tiltak

for arbeidsmiljøforbetring. Andre tiltak vert tilgjengeleggjort gjennom bransjeprogram og offentlege portalar.

Seniortiltak


Tiltaka i livsfasepolitikken skal bidra til å gjere Rogaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsgivar for medarbeidarar i ulike livsfasar.

Tiltaka representerer ulike moglegheiter arbeidstakar og arbeidsgjevar kan nytta seg av. Løysningane skal komma som eit resultat av ei avveging mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar sine behov, og være eigna til å fremme arbeids- evne og arbeidsvilje hos den enkelte. Tiltaka representerer moglegheiter og er ikkje ein rett. Livsfasepolitikken skal innlemmast i arbeidet med arbeidsmiljø, kompetanseutvikling og arbeidsgjevarpolitikk.

Følgande livsfasetiltak er no gjeldande:

- planleggingssamtalar med seniorar
- seniorkurs for tilsette over 60 år
- kompetanseutvikling – stipendordningar for vidareutdanning
- individuell pensjonsrettlegg av KLP
- ein time trening i arbeidstida per veke for tilsette etter fylte 55 år

HMS og kvalitet



Etikk

Hausten 2023 blei det bestemt i HAMU at fylkesdirektør skulle sjå på ei ny innretning for å sette etikk på agendaen, med mål om å engasjere breiare enn det etikkutvalet tidlegare hadde gjort. Organisasjon og digitalisering og fylkeshovudverneombod jobbar for å arrangere ein etikkuke hausten 2024, der det vil nyttast ei blanding av ulike verkemidlar, deriblant digitale kurs/seminar, artiklar på intranett og diskusjonsgrunnlag for bruk i refleksjonar på faggruppe-, avdelings- og/eller skolenivå. Planen er å nå ut til den enkelte tilsette og skape ei felles refleksjon om etiske problemstillingar i kvardagen.

Helse, miljø og sikkerheit

Dei prioriterte områda for HMS-arbeidet i perioden 2023 har vore

- risikovurdering
- psykisk helse
- rus og avhengnad
- kvalitets- og avvikssystemet Qm+
- ytre miljø

Det blei sett i gang fleire tiltak på overordna nivå for å styrka og vidareutvikla arbeidet på mellom anna desse områda:

- Vi har gjennomført ein eksponeringskartlegging i alle verkstader på våre yrkesfagskolar. Kartlegginga viser at det er behov for å undersøka arbeidshelsa til dei tilsette, og skolane er i gang med det.
- Prosjekt for å forebygge og redusere vald og truslar blant miljøpersonell er gjennomført. Anbefalingar og forslag til tiltak frå arbeidsgruppa skal følgast opp. «Veileder for forebygging av vold og trusler i skolen» er under utarbeiding.
- Det er satt i gang eit prosjekt i samarbeid

med bedriftshelsetenesta der ein ser på forebygging av sjukefråvær knytt til muskel-/skjelettlidingar i kombinasjon med psyko-sosialt arbeidsmiljø. Tre pilot-avdelingar skal følgast over nokre månader. Ved gode resultat kan dette opplegget bli eit nyttig reiskap for alle leiarar i det forebyggjande sjukefråværsarbeidet.

- Eigen fagdag for Akan-kontaktar er gjennomført. Akan-utvalet har fire faste møter per år.
- Lovpålagt grunnopplæring i arbeidsmiljø for verneombod og medlemmar av Arbeidsmiljøutvalet, og lovpålagd opplæring i HMS for leiarar, er gjennomført.
- Heildags fagsamling for HMS-system-ansvarlege er gjennomført. Hovudverneombod var også invitert til samlinga.

Avvik og uønskete hendingar

Meldingar om avvik og uønskete hendingar innanfor HMS og personvern/informasjons-sikkerheit blei registrert elektronisk i fylkeskommunen sitt kvalitets- og avvikssystem (Qm+).

Registrering og handtering av meldingar er ein del av det forebyggjande HMS-arbeidet, og skal bidra til kontinuerleg læring og forbetring. Målet er å ligge i forkant og fanga opp signal undervegs, slik at tiltak kan bli iverksett før det skjer ein større svikt eller ulykke.

I løpet av 2023 blei det meldt til saman 2247 avvik og uønskete hendingar innanfor området HMS og personvern/informasjons-sikkerheit. Dette er ei auke på 75 prosent samanlikna med året før. Det er skolesektoren som samla registrerer flest meldingar.

Kategorien truslar og/eller vald har vore den mest brukte kategorien på HMS-meldeskjemaet dei siste ti åra. Desse meldingane er i all hovudsak knytt til arbeid med elevar på tilrettelagt avdeling.

Beredskap og samfunnssikkerheit

Arbeidet med beredskap og samfunnssikkerheit har i 2023 i stor grad vært konsentrert om arbeidet med å revidere overordna beredskapsplanverk, arbeide med sivilt transportberedskapsplanverk i samferdselsavdelinga, interne kommunikasjonslinjer ved alvorlege hendingar og aktiv deltaking i eksterne fagnettverk innan offentleg sektor.

I 2023 jobba vi med dette:

- Revisjon av fylkesdirektørens overordna beredskapsplanverk (nivå 1).
- Starta arbeidet med å utarbeide planverk etter «Forskrift for sivil beredskap» i samferdselsavdelinga.
- Fylkeskommunen har frem til 31. desember 2023 brukt krisekommunikasjonssystemet CIM, men vil frå 2024 gå over til å bruke krisekommunikasjonssystemet Rayvn som er systemet som blei valt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap i juni 2023.
- Planlegging av beredskapsrom i nytt fylkeshus.
- Oppretta intern arbeidsgruppe for arbeidet med beredskap og samfunnssikkerheit med deltakarar frå OD, økonomi, opplæring og samferdsel.
- Aktiv deltaking i Fylkesberedskapsrådet og Forum for sikkerheit og beredskap i fylkeskommunane.
- Lvert høyringsuttale til beredskapskommisjonen sitt arbeid (NOU 2023-17).
- Gjennom det fylkeskommunale fagnettverket «Forum for sikkerhet og beredskap» har vi meldt oss inn i det relativt nyoppretta kommuneCERT (IKT responsmiljø for kommunar og fylkeskommunar).
- Deltatt i «Totalforsvarsprosjektet i Rogaland», eit prosjekt i regi av Statsforvaltaren som inkluderer kommunar, fylkeskommunen, sivilforsvaret, politiet, heimevernet, andre naudetatar, helse og Statsforvaltaren. Prosjektleiinga er lagt til sivilforsvaret i Rogaland. Det er totalt tre arbeidsgrupper i prosjektet, fylkeskommunen deltar i arbeidsgruppa «Sivile beskyttelsestiltak».

Personvern

Rådgjevaren for informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit travelt år. Det har vore ei utfordring å skaffa seg oversikt over organisasjonen, kva for utfordringar som hasta mest å handtere og velja ut kva for tiltak som vil gje best effekt. Følgande tiltak og aktivitetar kan trekkast fram:

- Fylkeskommunen har eit mål om å etablera ein digital tenestekatalog. Som eit første ledd i dette arbeidet, har ein etablert ein tenestekatalog over program, nettstader og applikasjonar som blir brukt i dei vidaregåande skolane. Neste mål i arbeidet vil vera å utvida katalogen slik at ein til slutt vil få ei fullstendig oversikt over applikasjonar i bruk i heile fylkeskommunen.
- I samanheng med arbeidet med den digitale tenestekatalogen, var det naudsynt å revidere innkjøpsrutinen for digitale løysingar i skolane. Denne er ferdig redigert og vil bli publisert på intranettet til fylkeskommunen.
- Ein IKT beredskapsplan er ferdig og vedtatt av sentraladministrasjonen si leiargruppe.



- Rådgjevar informasjonssikkerheit og personvern har drive omfattande rådgiving til dei fleste avdelingar i sentraladministrasjonen og vidaregåande skolar når det gjeld informasjonssikkerheit, forståing av lovverk (GDPR), risiko- og sårbarheitsanalysar med meir.
- Rådgjevar informasjonssikkerheit og personvern har hatt låg terskel for å halde foredrag for diverse fora.
- For å halde seg oppdatert på trendar og utvikling, har ein deltatt på fleire konferansar, seminar og forum. Infosecurity Europe, NSM sikkerheitskonferanse, DSB beredskapskonferanse, Stavanger kommunes samfunnssikkerheitskonferanse og faggruppe for informasjonssikkerheit og personvern i Digi Rogaland er nokre av arrangementa ein har deltatt på.

Internkontroll

Som for andre samfunnsaktørar lever fylkeskommunen i ei verd der tilliten blir utfordra. Eit av svara vi må kunne gi er at vi evner å utvikle og halde ved like ein systematisk og dokumentert internkontroll. Det handlar om å halde orden i eige «hus». Den enkelte

medarbeidar skal i sitt daglege virke gi rett kvalitet i møte med brukarar og samfunnet. På systemnivå handlar det om korleis vi legg til rette for at lovar og regler blir etterlevd, at vi arbeider målretta og effektivt, at vi sikrar påliteleg rapportering, og at vi lærer av feil og avvik. Vi må stadig utvikle oss sjølve.

Vi har i 2023 arbeidd vidare med å utvikle «huset». Først på året godkjende fylkesdirektøren eit nytt regelverk for vidaredelegering av sine fullmakter til avdelingssjefane i sentraladministrasjonen. Resten av året brukte avdelingane til å få på plass sine interne delegeringsreglement. Gjennom året er det i eit tverrfagleg samarbeid lagt ned mykje arbeid i å utvikle eit konkurransegrunnlag for utlysing av konkurranse om å levere eit nytt IT-system for kvalitet. Kvalitetssystemet skal gi eit moderne, utvida og oppdatert grunnlag for å arbeide med alt frå overordna internkontroll, systematisk kvalitetsarbeid, og med HMS i heile organisasjonen. Ved utgangen av året låg det føre tilbod som vi sette i gong med å evaluere. Dette er andre året vi legg fram ei eiga sak om rapportering på internkontroll, samstundes med denne årsmeldinga. Meir informasjon går fram av den saka.

Omboda

Omboda skal styrke organisasjonen si evne til å følge regelverket, og rettane til enkeltpersonar og grupper. Ombodsrollen er fri, uavhengig og knytt til ulike fagområde.

Personvernombod

Personvernombodet har ei viktig rolle i å sikre personvernet og etterlevinga av personvern-regelverket. Her er ei oppsummering av ansvar og aktivitetar i 2023:

- Hjelp til med å etablere rutinar og dokumentasjon i samsvar med GDPR.
- Bidratt til å auke kunnskap om personvern og sikkerheitskultur gjennom å delta på møte og samlingar.
- Personvernombodet har lesetilgang til alle avvik innanfor personvern og informasjons-tryggleik. Ombodet meiner det er under-rapportering av avvik, der nokre få melder, medan andre ikkje melder i det heile tatt.
- Oppfordra til meir obligatorisk opplæring i personvern, spesielt for leiarar og tilsette. Det er framleis eit gap mellom krava til dokumentasjon og det som faktisk er dokumentert.
- Rapportert til fylkesdirektøren si øvste administrative leiing.

I 2024 skal personvernombodet besøke alle verksemdar i fylkeskommunen for å kontrollere etterlevinga av GDPR og gi rettleiing.

Fylkeshovudverneombodet

Hjelpar og ser til at fylkeskommunen har eit godt arbeidsmiljø, og at det systematiske HMS-arbeidet på overordna nivå er i tråd med krava i internkontrollforskrifta.

Fylkeshovudverneombodet (FHVO) skal samordne og vere ein fagleg støtte og vegleiar for hovudverneombodene i organisasjonen. I 2023 har fylkeshovudverneombodet hjulpet i arbeidsmiljøsaker, deltatt i AMU i verksemdene, deltatt i ulike samarbeidsgrupper og laga kurs og samlingar for hovudverneomboda.

Frikjøpet for fhvo blei auka med 50 prosent frå august 2023 til totalt 150 prosent.

Fylkeshovudverneombodet rapporterar til HAMU.

Elev- og lærlingeombodet (ELO)

Ombodet tar vare på interesser og rettar for elevar, lærlingar og læreandidatar i vidaregåande opplæring, stort sett knytt til opplæringslova (med unntak av kap. 9A) og arbeidsmiljølova.

ELO har brukt året 2023 på å bli kjent med organisasjonen og mandatet, besøkt skolar og prioritert å følge opp lærlingar og læreandidatar.

Mobbeombodet (MO) for vidaregåande opplæring

Ombodet er ein del av ei nasjonal satsing sidan 2017. hovudoppgåvene er å jobba for å bidra til at alle elevar og lærlingar i den vidaregåande opplæring i Rogaland får vareteke rettane sine til eit trygt og godt psykososialt skole- og eventuelt lærlingemiljø i tråd med opplæringslova, arbeidsmiljølova og barnekonvensjonen.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Ombodet har i 2023 følgt opp dei som har tatt kontakt, besøkt skolar, og vore aktiv i arbeidet med å fremme ei trygg og inkluderande russefeiring. Samt fått fagleg påfyll gjennom undervisning frå UIS, Utdannings direktoratet, fagleg nettverk og ombodskollegaer.

Elevundersøkinga i 2022 og 2023 vist dessverre ei auke i mobbing.

Mobbeombodet for barnehage og grunnskole i Rogaland

Ombodet er ein del av den nasjonale satsinga for at alle barnehagebarn og grunnskoleelevar får ivare tatt rettane sine til eit trygt og godt psykososialt miljø. Barnekonvensjonen, barnehagelova kapittel 8 og opplæringslova kapittel 9A er grunnlaget.

I 2023 ha ombodet jamleg følgt opp føresette til barn og elevar i Rogaland, som treng råd og vegleing i saker som gjeld barnehage

og skole. I tillegg tar tilsette og andre som arbeider med barn og unge kontakt. I ein del saker er ombodet involvert over lengre tid. Sidan oppstart i 2020, har talet på kor mange som ønsker råd og vegleing auka kvart år.

- Skoleåret 2022/23 tok ombodet i mot 74 unike førespurnader, fordelt på 14 kommunar. Hausten 2023 var talet 37 fordelt på 5 kommunar.
- Skoleåret 22/23 hadde ombodet 41 foredrag og innlegg for elevar, føresette, personale og andre faggrupper fordelt på 12 kommunar. Hausten 23 var det 11, fordelt på 5 kommunar.

Overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole er eit viktig område, og ombodet er med i arbeidet for å fremme ei trygg og inkluderande avgangstid. Fagleg oppdatering og erfaringsdeling må til, og ombodet er aktiv på mange arenaer her – blant anna samarbeid med UIS, Utdannings direktoratet og ombodskollegaer i heile landet.

Folkevalde organ



Rogaland fylkeskommune er politisk styrt gjennom fylkestinget. I fylkestinget er det 47 folkevalde representantar.

Fylkesordføraren leier møta i fylkestinget og fylkesutvalet, og er den øvste politiske leiaren i fylket. I oktober 2023 blei nytt fylkesting konstituert med 29 nye folkevalgte. Ole Ueland (H) er ny fylkesordførar.



Fylkestinget i perioden 2023–2027



Ole Ueland
Fylkesordfører (H)



Svein Erik Indbjo
Fylkesvaraordfører (FrP)



Ole Ueland, Inger Merethe Bjerkeim, Erlend Jordal, Lasse Anfinen Fredheim, Gunn Dalen Håland, Mille-Sofie Kvannli, Kenneth Austrått, Else Rege Grannes, Bjørn Sæstad, Anne Marie Lund, Cille Ihle, Kristoffer Amdal, Julie Vold, Håvard Rørtveit og tre vararepresentantar



Frode Berge, Bente Gravdal, Asle Rafdal, Emilie Bersaas, Julia Eikeland, Morten Larsen, Charlotte Sørås, Marek Bogucki, Solveig Vik, Frode Waldemar og tre vararepresentantar



Pål Morten Borgli, Svein Erik Indbjo, Hayley Anita Henriksen, Kristin Lode, May Helen Hetland Ervik, Leif Arne Moi Nilsen, Kristoffer Birkedal og to vararepresentantar



Anne Kristin Bruns, Reid Ivar Bjorland Dahl, Vebjørn Mathiesen Solli, Oddny Helen Turøy og to vararepresentantar



Hanne Marte Vatnaland, Jarle Bø, Bente Gro Milwertz Slettebø og to vararepresentantar



Jan Inge Selvik, Silje Sønstabø, Sigurd Sjursen og to vararepresentantar



Monika Kvilhaugsvik, Kari Vestbø og to vararepresentantar



Kjartan Alexander Lunde, Unni Synnøve Fuglestad og en vararepresentant



Rune Askeland og to vararepresentantar



Naomi Wessel

Fylkestinget i perioden 2019–2023



Marianne Chesak
Fylkesordfører (Ap)



Arne Bergsvåg
Fylkesvaraordfører (Sp)



Magne Vaule
(for Kalsås)



Inghild Vanglo



Astri Furumo



Erling Nordgård



Lin Veronica
Jacobsen



Kjartan Øvstedal



Siv-Len Strandskog



Asle Rafdal



Marte Eide Klovning



Ole Ueland



Kristoffer Amdal
(for Schanche)



Aase Simonsen



Erlend Jordal



Inger Merethe
Bjerkreim



Bjørn Sæstad



Terje Hetland



Ragnvald Nilsen



Anne Marie Lund



Lisbeth von
Erpecom Vikse



Lasse Anfinssen
Fredheim



Pål Morten Borgli



Margrete Dysjaland



Svein Erik Indbjo



Leif Arne Moi Nilsen



May Helen
Hetland Ervik



Hanne Marte
Vatnaland



Jarle Bø



Sandra Christin
Brochmann Skarholm



Sigmund Slettebø



Solveig Ege Tengesdal



Jonas Andersen
Sayed



Geir Toskedal



Bjørg Tysdal Moe



Frode Myrhol



Alexandra Eva Lind



Ove Evertsen



Alexander Rügert-
Raustein



Erlend Kristensen



Heidi Bjerga



Monika Kvilhaugsvik



Kjartan Alexander
Lunde



Bjørn Ove Hersdal



Faruk Brahimi
(uavhengig)




Mats Danielsen
(uavhengig)



Susanne Heart
(uavhengig)

Politisk organisering




Møte og aktivitetar i fylkesting, fylkesutval, hovudutval og rådgivande råd/utval

Fullstendig oversikt over alle utval, råd og nemnder, sjå rogfk.no

Utval	Medl.	Leiaren av utvalet	Møte			Saker			Utgifter i heile kroner			Vedtatt budsjett 2024
			2021	2022	2023	2021	2022	2023	Rekne- skap 2021	Rekne- skap 2022	Rekne- skap 2023	
Fylkestinget	47	Marianne Chesak (AP) / Ole Ueland (H) - frå 24. oktober	6	7	8	160	163	146	5 406 000	6 248 000	7 234 000	7 047 000
Fylkesutvalet	15	Marianne Chesak (AP) / Ole Ueland (H) - frå 24. oktober	12	12	10	249	254	256	4 387 000	5 001 000	5 392 000	6 170 000
Regional-, kultur- og næringsutvalet	15	Inghild Vanglo (AP) / Unni Fuglestad (V) - frå 24. oktober	6	6	6	86	95	87	1 267 000	1 627 000	1 353 000	1 689 000
Samferdselsutvalet	15	Ole Ueland (H) / Lasse Fredheim (H) - frå 24. oktober	7	5	6	78	62	53	1 323 000	1 426 000	1 702 000	1 690 000
Opplæringsutvalet	15	Solveig Ege Tengesdal (KrF) / Anne Kristin Bruns (KrF) - frå 24. oktober	6	6	6	74	69	52	1 185 000	1 288 000	1 535 000	1 689 000
Administrasjonsutvalet	7	Hanne Marte Vatnaland (SP) / Pål Morten Borgli (FrP) - frå 24. oktober	4	8	6	19	26	19	186 000	350 000	364 000	411 000
Kontroll- og kvalitetsutvalet	5	Erlend Jordal (H) / Morten Larsen (AP) - frå 24. oktober	7	6	6	63	59	69	286 000	335 000	421 000	738 000
Ungdommens fylkesråd		Solveig Vik (Haugesund) / Sumeja Ohran - frå 12. desember	9	10	7	86	108	86	700 000	620 000	639 000	913 000
Andre utval												
Eldrerådet	7	Rannveig Bærheim (LOP) / Bjørn Eirik Marcusson (Pensjonistforbundet) - frå 24. oktober	6	6	6	61	58	54	202 000	279 000	217 000	474 000
Fylkesrådet for funksjonshemma	10	Inghild Vanglo (Ap) / Hanne Marte Vatnaland (SP) - frå 24. oktober	6	6	6	104	115	96	403 000	572 000	529 000	805 000
Fylkestrafikk-sikkerhetsutvalet	5	Jonas Andersen Sayed (KrF) / May Helen Hetland Ervik (FrP) - frå 24. oktober	6	5	5	33	26	15	219 000	279 000	249 000	291 000
Inntaksnemnda	5	Astri Furumo (AP) / Anne Kristin Bruns (KrF) - frå 24. oktober	4	4	4	8	9	8	63 000	55 000	26 000	92 000
Klagenemnda	5	Kjartan Alexander Lunde (V)	8	6	6	57	50	43	242 000	238 000	266 000	302 000
Yrkesopplæringsnemnda	7	Tom Kalsås (AP) / Ole Ueland (H) - frå 24. oktober	6	9	7	51	66	43	323 000	342 000	547 000	648 000

Tal i heile kroner

Økonomisk resultat



Årsmeldinga er ein del av årsoppgjeret og inneheld forenkla framstillingar, analysar og resultatvurderingar av tenesteytingar og ei oversikt over den økonomiske situasjonen i Rogaland fylkeskommune.

Med heimel i kommunelova er det utarbeidd eit konsolidert rekneskap, som viser fylkeskommunen som ein økonomisk eining. For Rogaland fylkeskommune inneberer dette eit felles rekneskap for «fylkeskassa» og Tannhelse Rogaland FKF, der transaksjonar og mellomvære mellom desse einingane er eliminert.

Rekneskapen inkluderer ikkje separat rekneskap for fylkeskommunens kommunale føretak, Tannhelse Rogaland FKF. Dette føretaket er ein del av Rogaland fylkeskommune som juridisk eining, men har eige styre og avlegg eige rekneskap og årsmelding. Det vises til note i rekneskapen som viser mellomvære til eigne kommunale føretak.

Dei som ønsker meir informasjon om rekneskapsåret 2023, vil finna det i årsrekneskapen, som inneheld drifts-, investerings- og balanserekneskap og notar.

Positivt rekneskapsresultat i 2023 – (budsjettoverskot)

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på 114,7 mill. kroner etter avsetningar og overføring av eigenkapital til investeringsrekneskapen og før administrative transaksjonar.

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar er mindreforbruket avsett på disposisjonsfond.

Resultatet betyr at fylkeskommunen går inn i eit nytt driftsår utan svekka soliditet.

I RNB 2023 blei deflatoren for kommunesektoren heva frå 3,7 pst. til 5,2 pst., og det blei gitt kompensasjon for auken gjennom inntektssystemet. I 2021 og 2022 var prisstigninga innanfor enkelte område betydeleg høgare enn deflatoren. Høg prisvekst etter pandemien var framleis ein utfordring i 2023, med forsterka verknad knytt til regulering av driftskontraktar i samferdsel. Fylkestinget har teke konsekvensen av redusert økonomisk handlefridom på nokre område, og for investeringar.

God styring og kontroll i driftsområda

Innan opplæring har skolane tært på restmidlar frå 2022. Skolane tek i alt med seg eit negativt budsjettresultat på om lag 12 mill. kroner frå 2023 til 2024.

Resultatet vitnar om ein organisasjon som leverer godt og har budsjettdisiplin. Viss vi styrer økonomien fornuftig, skaper vi økonomisk og politisk handlingsrom. Einingane har krevjande sparetiltak å forhalda seg til, og har vore medvitne om og opptekne av eigen økonomi, prioriteringar og moglegheiter. Heile organisasjonen har lagt vekt på stram økonomistyring og at dei tildelte budsjetta skal haldast.

Tabellen nedanfor viser netto resultat (positivt tal=overskot / negativt tal=underskot) per driftsområde, når rekneskapen blir samanlikna med revidert budsjett.

Kommentarar til avvika i 2023:

Budsjettet blir vedtatt på eit detaljeringsnivå som viser budsjett for kvar avdeling eller rammeområde. Tabellen viser netto budsjettavvik per rammeområde. Innanfor dei ulike områda kan det vere budsjettavvik på utgifts- og inntektssida som blir nøytralisert i netto driftsramme.

Driftsområde	Netto resultat	Avvik i % for rammeområda
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	126,4	
Andre generelle statstilskot (havbruk)	-2,4	
Konsesjonskraft	8,2	
Finanspostar (renter og avdrag)	56,1	
Reservert til tilleggløyver	26,6	
Pensjonspostar	75,3	
Netto avsetning pensjonsfond	-194,9	
Andre fellesinntekter og -utgifter (inkl. framført underskot for skolane)	10,0 (11,9)	
Sentrale styringsorgan og stab-/støttefunksjonar	10,1	1,9 %
Kultur og næring	2,6	0,9 %
Plan, miljø og samfunn	2,9	3,8 %
Samferdsel, fylkesvegar	-16,8	-2,0 %
Samferdsel, andre føremål	8,2	0,7 %
Opplæring	2,5	0,1 %
• Bruk av midlar frå 2022	(-74,6)	
• Bruk av midlar på forskot	(-11,9)	
Overføring fylkeskommunale føretak	0,0	0,0 %
Totalt	114,7	

Tal i millionar kroner

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) viser eit budsjettoverskot på 126,4 mill. kroner. Dei sentrale inntekts- og utgiftsføresetnadene blei betre enn føresett i revidert budsjett

desember. Skatteinngangen blei 116,4 mill. kroner høgare enn føresett, medan rammetilskotet blei 9,7 mill. kroner høgare.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Fylkeskommunanes skatteinngang skaut fart i november og desember, og enda 0,7 mrd. kroner over anslaget for 2023 då statsbudsjettet for 2024 blei lagt fram. Veksttakten blei til slutt minus 6,4 prosent i forhold til 2022, mens Finansdepartementet anslo minus 8,0 prosent vekst så seint som i oktober. Utviklinga var noko betre i Rogaland enn i landet elles. Rogaland har gått frå å vere eit 119-prosentfylke i brutto skatteinngang per innbyggjar i 2014 til eit 104-prosentfylke i 2022, men er tilbake på 107 prosent i 2023. Den underliggende skatteutjamninga er som kjent 87,5 prosent, slik at det for fylkeskommunar er skatteinngangen i landet som er viktigast.

Meirskatteveksten i 2023 heng mellom anna saman med utviklinga i arbeidsmarknaden, som blei sterkare enn anslått i statsbudsjettet for 2023, med høgare sysselsettings- og lønsvekst enn antatt. Dei skattepliktige kapitalinntektene til personlege skatteytarar i 2022 blei dessutan høgare enn venta, noko som trakk opp tilleggsforskot og restskattar i 2023.

Det er ingen signaler om at deler av meirinntektene i 2023 ikkje er teke omsyn til av Finansdepartementet ved fastsettinga av skatteanslaget for 2024. Meirinntekter frå skatteinngangen utover anslått nivå i revidert

nasjonalbudsjett (mai) er inntekter som sektoren får behalde som eingongsinntekter.

Andre generelle statstilskot har eit negativt budsjettavvik på 2,4 mill. kroner som gjeld innbetaling frå havbruksfondet. Fylkeskommunen hadde budsjettert med 12 mill. kroner i overføring frå havbruksfondet og fekk 9,6 mill. kroner.

Nettoinntekter frå konsesjonskraft var i overkant av 208,5 mill. kroner i 2023, og om lag 8,2 mill. kroner meir enn budsjettert. Gjennomsnittsprisen for året i prisområde NO2 var rundt 80 euro per MWh. Fylkeskommunen får inntekter frå sal av konsesjonskraft i euro. Volum av konsesjonskraft er nå vesentleg lågare enn tidlegare. Volum er redusert frå 406 GWh i 2017 til om lag 253 GWh i 2023. Årsaka til nedgangen i volum kjem av at fylkeskommunen er sekundær rettshavar etter kommunane. Når det alminnelege elektrisitetsforbruket aukar i kommunane kan dei også ta ut meir av konsesjonskraftrettighetene deira. Vidare betaler fylkeskommunen meir for konsesjonskrafta enn tidlegare på grunn av høgare berekna sjølvkost for anlegg i Lysebotn. Inntektsnivået i 2023 var lågare enn i 2022, men er fortsett høgare enn det som med rimelegheit kan forventast i eit normalår.

Samla er det eit budsjettoverskot på 56,1 mill. kroner på **finanspostane**. Renteutgiftene blei 8,5 mill. kroner lågare enn budsjettert når vi også tek omsyn til at rentekompensasjonen frå staten blei 4,4 mill. kroner lågare enn forventa. Det er ein netto gevinst i samband med plassering av overskotslikviditet på 43,9 mill. kroner. Det blei utbetalt eit utbytte frå Skyttel på 4 mill. kroner som også bidreg til det positive budsjettavviket. Det blei betalt 413,8 mill. kroner i avdrag på lån, som er identisk med budsjettert avdrag.

Posten **reservert til tillegssløyver** hadde eit overskot på 26,6 mill. kroner. Storparten av dette var ubrukte lønnsreservar. 5,7 mill. kroner av budsjettavviket gjeld midlar som var avsette til blant anna husleige etter overføringa av fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunane. Av budsjettposten som var reservert til tilfeldige utgifter for fylkesutvalet er 1,0 mill. kroner ubrukt ved årets slutt.

Totalt sett viser **pensjonsutgiftene** eit positivt budsjettavvik på 75,3 mill. kroner før netto avsetning til premieavviksfond. Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, påverkar netto driftsresultat positivt med netto 194,9 mill. kroner i 2023. Beløpet er sett av til premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.23 er identisk med akkumulert premieavvik (433,5 mill. kroner).

Posten **andre fellesinntekter og -utgifter** viser eit budsjettoverskot på 10,0 mill. kroner, som inneheldt tap på krav på 1,7 mill. kroner og inntektsføring av eit framført underskot på 11,9 mill. kroner for skolane.

Sentrale styringsorgan og stab-/ støttefunksjonar har eit samla overskot på 10,1 mill. kroner. Avdeling for digital utvikling har eit meirforbruk på 1,5 mill. kroner som i stor grad

knyter seg til auka utgifter til programvare og driftsavtalar. Bygg og eigedom har eit mindreforbruk på 8,7 mill. kroner. 1,6 mill. kroner av mindreforbruket gjeld spesielt vedlikehald. Ein manglande budsjettering av husleigeinntekter og refusjon av driftsutgifter på om lag 4 mill. kroner bidrar til mindreforbruket. Folkevalde organ var i balanse. Dei andre stab-/støttefunksjonane hadde eit samla mindreforbruk på 2,8 mill. kroner. Delar av mindreforbruket har samband med periodar med vakanse i fleire av avdelingane.

Kultur- og næringsavdelinga leverte om lag på budsjett, med eit budsjettoverskot på 2,6 mill. kroner. Budsjettoverskotet er knyta til vakansar, noko som fører til at prosjekt blir utsett.

Plan, miljø og samfunn har eit budsjettoverskot på 2,9 mill. kroner, der om lag halvparten er knyta til vakansar, noko som også fører til mindre bruk av prosjektmidlar. Når det gjeld planprosessar kan det vere vanskeleg å estimera framdrifta, og spesielt oppstarten av utredningsfasen som ofte er den kostbare fasen i ein planprosess.

Innanfor **samferdsel** er det eit samla budsjettunderskot på 8,5 mill. kroner, med eit budsjettunderskot innanfor veg og forvaltning av fylkesvegar på 16,8 mill. kroner. Meirutgiftene innanfor veg og forvaltning skyldast dels auka kostnader til vinterdrift og opprydding etter flaum og skred, dels auka framdrift på bruprojekta Stavanger bybru og Lysefjordsbrua. Meirforbruk på Lysefjordsbrua kan sjåast i samband med minka behov seinare. Det var eit lågare behov for tilrettelagt transport i 2023 samanlikna med normalåra før pandemien. Mindreforbruket var om lag 5 mill. kroner.

Det var eit budsjettoverskot for resten av samferdselsavdelinga på 8,2 mill. kroner som i hovudsak knyter seg til vakante stillingar, reduserte overføringar til andre, mindre bruk



Foto: Uta Scholl

av konsulenttenester og generelle innsparingar på andre driftspostar.

I **opplæringsavdelinga** (administrasjonen) er det samla sett om lag budsjettbalanse. På fellesområdet (anslagspostar) er det eit budsjettunderskot på 3,2 mill. kroner. Det er blant anna kjøpt meir tenester til spesialundervisning. Vi ser at det er ei auke i talet på dei som treng spesialundervisning og samstundes at dei har auka behov. Seksjon for opplæring i skole hadde eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner og seksjon for regional kompetanse eit overforbruk på 4 mill. kroner. Fagopplæring gjekk med i underkant av 5,0 mill. kroner i overskot. Overskotet kjem av auka bruk av statlege midlar til auka gjennomføring og formidling av læreplassar. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) har eit overskot på 0,7 mill. kroner. Seksjon for dimensjonering og inntak har eit budsjettoverskot på 1,3 mill. kroner og seksjon for fag- og organisasjonsstøtte eit overskot på 2,6 mill. kroner.

Vidaregåande skolar (inkludert fagnettverk), Fagskolen Rogaland og Vaksenopplæringa har eit samla akkumulert budsjettunderskot

på 2,4 mill. kroner ved årsslutt. Til samanlikning var det ved utgangen av 2022 eit samla overskot på 74,6 mill. kroner. Det isolerte årsresultatet for skolane er dermed 77 mill. kroner i overforbruk. Etter tilpassingar til økonomireglementet tek einingane med seg eit budsjettunderskot på 11,9 mill. kroner til 2024.

Vidaregåande skolar (ekskludert fagskole/fagnettverk) har eit samla underskot på 18,9 mill. kroner ved utgangen av 2023, mot 58,3 mill. kroner i overskot i 2022. 11 skolar har akkumulerte mindreforbruk og 16 skolar har meirforbruk. Det er stor variasjon i resultata for skolane, frå Karmsund med eit overskot på 3,8 mill. kroner til Gand med eit underskot på 6,5 mill. kroner. 5 skolar har eit overskot på meir enn 2 mill. kroner. Måla i prosentavvik samanlikna med revidert budsjett er det berre ein skole som har eit mindreforbruk på meir enn 3 prosent og seks skolar som har eit meirforbruk på meir enn 3 prosent. Det har vore meir bruk av pengar til kjøp av inventar og utstyr i 2023, og det er derfor lagt inn ekstra overføringar frå drift til investering på 11 mill. kroner i 2023.

For 2023 blei det innført ei ny ordning for akkumulerte overskot i dei videregående skolane. No er det sett ei prosentgrense på 3 prosent når det gjeld kor stort overskot/underskot som kan takast med til påfølgande år. Overskot/underskot utover dette vil difor verka inn på rekneskapsmessig resultat.

I rekneskapen blir berre tilskot/overføringar til **fylkeskommunalt føretak** bokførte. Alle andre føringar skjer i særrekneskapen til føretaket. Overskot/underskot kjem fram der.

Fylkestinget vedtek tekstpunkt – også kalla verbalpunkt – i samband med den årlege behandlinga av økonomiplan og årsbudsjett. Tekstpunkta krev oppfølging frå fylkesdirektøren, ofte i eigne politiske saker. Det blir vist til FT-sak 88/23 «Vedtatte tekstpunkt i økonomiplan 2023–2026 og tidlegare årsbudsjett/økonomiplanar – status» der fylkesdirektøren la fram oversikter som i korte trekk dokumenterte oppfølginga av vedtatte tekstpunkt og nokre merknader til taldelen i fylkestingets vedtak.

Finansielle måltal

Netto driftsresultat i 2023

Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva fylkeskommunen sit igjen med til avsetningar og investeringar. Netto driftsresultat er den primære indikatoren for økonomisk handlefridom i kommunesektoren.

Netto driftsresultat er noko betre enn opphåveleg og regulert budsjett. Dette har samanheng med høgare inntekter frå skatt på inntekt og høgare inntekter frå forvaltning av overskotslikviditet enn budsjettert. Nettoinntektene frå konsesjonskraft er framleis på eit høgare nivå enn normalt, som støttar opp om eit tilfredsstillande resultat.

Fylkeskommunens netto finansutgifter er lågare i 2023 enn i 2022 på tross av stigande marknadsrenter. Dette skuldast blant anna fastrenteavtalar på lån som gjev positive utslag samanlikna med alternativet, som ville vore flytande renter. Utfordringane blir større i åra som kjem. Finansutgiftene vil stiga som følge av høgt investeringsnivå og med dette høgare avdrag som må dekkjast inn i driftsrekneskapen. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av økonomiplan 2021–2024 å auka det årlege avdraget med eit tillegg på 2 prosentpoeng utover minimumsavdraget.

Netto driftsresultat er på 536,2 mill. kroner, som er 5,3 prosent av sum driftsinntekter.

Netto avsetningar til bundne fond påverkar netto driftsresultat positivt med 22,5 mill. kroner. Dette gjeld disponering av øyremerkte inntekter og er i stor grad påverka av utviklinga i udisponerte påskjønningssmidlar knytt til inngått byvekstavtale. Bruk av bundne driftsfond inneheld to korrigeringar frå bundne driftsfond til bundne investeringsfond (overføring til investeringar), og fylkesdirektøren korrigerer for dette. Det dreier seg om 125,6 mill. kroner i påskjønningssmidlar mottatt tidlegare år til antekne driftsformål, men der bruken i 2023 er omdisponert til investeringsformål.

Etter dei nemnde korreksjonane er netto driftsresultat 511,4 mill. kroner, eller 5,0 prosent av driftsinntektene. Fylkestinget har vedtatt eit retningsgivande måltal på 4 prosent av driftsinntektene. Det korrigerte driftsresultatet i 2023 er 1,0 prosentpoeng høgare enn dette. Det må forventast at resultatet er betre enn målalet i eit år med høgare inntekter frå skatt/rammetilskot og finans- og kraftforvaltninga enn rekna med.

Netto driftsresultat – både utan og med korrigeringar – er betre enn gjennomsnittet av fylkeskommunane.


Netto driftsresultat 2023

	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Netto driftsresultat	-536 202	-238 570	-454 253	-729 515
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	5,3 %	2,5 %	4,7 %	7,7 %
Bruk av bundne fond	-649 849	-	-470 270	-551 124
Bruk av bundne fond - korrigering (det som er brukt til investering trekkes ut)	125 559	-	125 559	90 158
Avsetning til bundne fond	549 140	-	402 300	346 132
• Årets premieavvik fratrasket inndekning av tidligere års premieavvik (inntekt)			194 944	
• Merforbruk på skolene mv.			-86 474	
• Andre forhold			-795	
Korrigert netto driftsresultat 1B	-511 352	-238 570	-288 989	-844 349
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter - korrigert 1B	5,0 %	2,5 %	3,0 %	8,9 %

Tal i 1000 kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Netto driftsresultat (korrigert)

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond)



Handlingsrom i drift (korrigert for bokført kapitalslit på anleggsmidler)

Dersom vi i tillegg korrigerer for avviket mellom betalte avdrag og avskrivningar på 275,3 mill. kroner, får vi eit positivt handlingsrom i drift på 236,0 mill. kroner, eller 2,3 prosent av driftsinntektene. Denne tilnærminga har samband med behovet for fylkeskommunal bevaring av formue over tid, som i økonomisk

teori føreset eit nullresultat. Eit resultat på 2,3 prosent understrekar eit godt rekneskapsresultat. Dette er illustrert under, der vi samanliknar med rekneskapen for 2022 og med andre fylkeskommunar.

Alternativ tilnærming (avdrag vert bytta ut med kapitalslit/avskrivningar):


Alternativ tilnærming (avdrag = kapitalslit/avskrivningar)

	Rekneskap 2023	Opphøveleg budsjett 2023	Regulert budsjett 2023	Rekneskap 2022
Korrigert netto driftsresultat 1B	-511 352	-238 570	-288 989	-844 349
- 1 prosent av driftsinntekter	5,0 %	2,5 %	3,0 %	8,9 %
Avvik mellom betalt avdrag og avskrivningar	275 327			215 363
Korrigert netto driftsresultat 2 (handlingsrom i drift)	-236 025			-628 986
- 1 prosent av driftsinntekter	2,3 %			6,6 %

Tal i 1000 kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Handlingsrom i drift

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond, avskrivningar dekkja i staden for avdrag)






Foto: Elisabeth Tønnessen

Lånegjeld

Økonomiplan 2024–2027 legg opp til ei stabilisering av gjeldsgraden. Samanlikningar med andre fylkeskommunar viser at lånegjelda har stige noko mindre i Rogaland fylkeskommune fram mot 2023 enn det som er tilfellet i andre fylkeskommunar.


Rogaland fylkeskommune har fått ein stor auke i øyremerkte driftstilskot som følge av byvekstavtalen og aktivitetsfremmande tiltak i vidaregåande opplæring.

I sum har dette auka inntektsgrunnlaget og redusert delen av inntektsgrunnlaget som det er naturleg å sjå i samanheng med lånegjelda. Gjeldsgraden er difor redusert som følge av ekstraordinære forhold på inntektssida. Fylkestinget har med bakgrunn i ovannemnde forhold vedtatt å redusera måltalet for gjeldsgraden noko.


Ved utgangen av 2023 er brutto og netto gjeldsgrad i Rogaland fylkeskommune lågare enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Det er fleire fylkeskommunar som har større handlefridom enn Rogaland i kraft av ei endå meir handterleg lånegjeld, men det er også fylkeskommunar som har lågare handlefridom enn Rogaland av motsett grunn. Tala viser at variasjonane i gjeldsbyrde er store. Samla har fylkeskommunane nokså høg gjeldsbyrde.

Samanlikningar av investeringsnivået i årsrekneskapen kan vere krevjande fordi fylkeskommunane har ulik samansetning av finansielle kjelder. Høg ekstern finansiering frå bompengar og øyremerkte statstilskot trekk isolert sett opp nivået av brutto investeringar målt i prosent av driftsinntekter. Tala kan likevel gje ein indikasjon på satsinga knytt til investeringar og det tilhøyrande behovet for å overføra midlar frå drift til investering.

Gjeldsgrad



Brutto investeringar i prosent av driftsinntekter




Soliditet

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkjast gjennom bufferkapital eller frie fond (disposisjonsfond), som kan brukast til å takla uventa meirutgifter i enkelte år. Pr. 31.12.23 utgjør disposisjonsfondet til Rogaland fylkeskommune 1709,4 mill. kroner, der 433,5 mill. kroner skriv seg til premieavviksfondet. Denne delen motsvarer premieavvika i KLP og SPK pr. 31.12.23. Vi kan legge til grunn at denne er «bunden opp» til å dekkja inn betalte pensjonspremiar som enno ikkje er dekte

inn i driftsrekneskapen. Ein mindre del av disposisjonsfondet gjeld regionalt næringsfond.

Soliditeten er litt styrka gjennom avsetningar til disposisjonsfond i 2023. Rogaland fylkeskommunes soliditet i form av egenkapital som kan brukast til driftsføremål, eller til eigenfinansiering av investeringar (overføring frå drift), ligg noko over gjennomsnittet av fylkeskommunane, men ikkje så langt over som ein kanskje skulle tru når ein lyfter fram dei seinare års høge inntekter frå konsesjonskraft i vurderinga.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Likviditet

Rogaland fylkeskommune har noko svekka likviditet frå 2022 til 2023. Eit tradisjonelt uttrykk for likviditet er arbeidskapital. Omløpsmidlar (likvide aktivum) bør korrigjerast for premieavvik, fordi premieavviket ikkje er ei reell fordring. Arbeidskapitalen kan forklarast på denne måten, se tabellen «Arbeidskapital» på neste side.

Rogaland fylkeskommune har i 2023 svekka egenkapital knytt til bundne drifts- og investeringsfond. Dette gjeld blant anna øyremerka midlar som skal brukas til å oppfylle Byveksttalen på Nord-Jæren og forskottering av Fullføringsreforma. Det sto mellom anna

82,8 mill. kroner på bundne investeringsfond, Bussveien, som blei brukt i 2023. Det er ein auke i ubundne investeringsfond på 22,1 mill. kroner, som skriv seg til inntrekte FTU-midlar som med heimel i økonomireglementet blir omfordelt til nye prosjekt i 2024 dersom fylkestinget ikkje omprioriterar midla. 13,9 mill. kroner av 1592,0 mill. kroner i arbeidskapital per 31.12.23 er ubrukne lånemidlar.


Ei samanlikning av arbeidskapital mellom fylkeskommunane viser at statusen per 31.12.23 er som under. I denne oversikta er arbeidskapital definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Ubrukte lånemidlar blir trekt frå arbeidskapitalen.

Arbeidskapital

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Omløpsmidlar	4 405 752	4 415 459	4 064 598	2 879 455
Fråtrekk av premieavvik	-433 496	-238 552	-282 838	-260 745
Kortsiktig gjeld	-2 380 275	-2 334 814	-2 028 845	-1 513 555
Arbeidskapital	1 591 980	1 842 093	1 752 916	1 105 155
Som skal dekkje: Fond				
– Disposisjonsfond fråtrekt premieavvik	1 275 921	1 362 857	1 013 940	546 447
– Bundne driftsfond	389 755	490 465	695 456	597 803
– Ubundne investeringsfond	32 386	10 260	10 683	10 683
– Bundne investeringsfond	45 665	127 781	7 112	24 944
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-	-
Udekt i investeringsrekneskapet	-	-16 524	-	-
Ubrukte lånemidlar	13 870	32 871	191 342	90 895
Endring av rekneskapsprinsipp	-165 617	-165 617	-165 617	-165 617
Sum	1 591 980	1 842 093	1 752 916	1 105 155

Tal i tusen kroner

Arbeidskapital fråtrekt ubrukte lånemidlar i prosent av driftsinntekter



Eit utval nøkkeltal

For å illustrera fylkeskommunens finansielle stilling og utvikling vises eit utval av nøkkeltal for åra 2020–2023. Til samanlikning er det laga ein tabell med dei same nøkkeltala i 2023 for dei andre vestlandsfylka og gjennomsnittet for dei 10 fylkeskommunane.

Nøkkeltal Rogaland	R-2020	R-2021	R-2022	R-2023
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	80,1 %	82,4 %	79,8 %	74,8 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	7,2 %	8,4 %	7,7 %	5,3 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar) ¹⁾	4,3 %	7,1 %	8,9 %	5,0 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	4,9 %	5,9 %	6,2 %	6,1 %
Sjølvfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	30,1 %	19,3 %	22,4 %	20,8 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	81,2 %	75,8 %	68,9 %	65,3 %

¹⁾ I 2021 også korrigerert for overkompensasjon frå KDD


Nøkkeltal Vestlandet	Møre og Romsdal	Vestland	Rogaland	Gjennomsnitt (10 fylkeskommunar)
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	76,3 %	72,2 %	74,8 %	74,5 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	0,8 %	5,1 %	5,3 %	4,1 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar)	0,8 %	6,0 %	5,0 %	3,9 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	8,8 %	8,4 %	6,1 %	6,6 %
Sjølvfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	13,3 %	47,5 %	20,8 %	34,6 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	129,9 %	96,5 %	65,3 %	77,7 %



Kva blei pengane brukte til i drift i 2023?


I 2023 har driftsutgiftene vore på til saman 9899,9 mill. kroner. Det første kakediagrammet viser driftsutgifter per type utgift. Diagrammet viser at løn inkludert sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) utgjør 33,8 prosent av dei totale utgiftene. Overføring frå drift til investering, avsetning til fond og finansutgifter vises ikkje i diagrammet.

Det andre kakediagrammet viser netto driftsutgifter per sektor, og viser at opplæringssektoren står for 50,6 prosent av netto driftsutgifter.




Type driftsutgifter

■ Løn/sosiale utgifter	33,8 %
■ Kjøp til eigenproduksjon av tenester	16,3 %
■ Kjøp av produksjon/tenester frå andre	19,8 %
■ Overføringar	23,1 %
■ Avskrivingar	7,0 %



Netto driftsutgifter pr. sektor

■ Politisk styring	0,8 %
■ Fylkesdirektør med staber	7,2 %
■ Regionalutvikling inkl. samferdsel	36,5 %
■ Opplæring	50,6 %
■ Tannhelse	4,9 %



Type driftsinntekter

■ Sal- og leigeinntekter	4,3 %
■ Refusjonar	13,8 %
■ Overføringar	9,4 %
■ Frie inntekter	72,6 %

Kommentarar til driftsrekneskapen

Strykingar

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar gjeldande frå 2020 kan ikkje rekneskapen leggst fram med eit mindreforbruk (overskot). Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at rekneskapsføring av budsjettdisposisjonar, jf. § 4-1, er gjennomført, skal mindreforbruket

Korleis finansierer fylkeskommunen driftsutgiftene sine?

Rogaland fylkeskommune hadde i 2023 ei inntektsside på 10 197,5 mill. kroner. I det tredje kakediagrammet ser vi at dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) står for 72,6 prosent av dei totale inntektene. MVA-kompensasjon er ein betydeleg generell inntektspost, og inngår i refusjonar.

reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom rekneskapen framleis viser eit mindreforbruk etter strykingane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn et meirforbruk skal settast av til disposisjonsfond, jf. § 4-3.

Driftsrekneskap ¹⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2021	2022	2023	2023	Rekn./bud.	2024
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-6 866 829	-7 116 622	-7 400 998	-7 032 563	-368 435	-7 717 420
Driftsinntekter	-2 107 890	-2 417 207	-2 796 502	-1 760 348	-1 036 154	-1 753 580
Sum inntekter	-8 974 719	-9 533 829	-10 197 500	-8 792 911	-1 404 589	-9 471 000
Løn inkl. sosiale utgifter	2 934 552	3 145 608	3 348 162	3 269 301	78 861	3 518 913
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar og fordelte utgifter)	5 372 925	5 776 804	6 551 711	4 746 689	1 805 022	5 125 378
Sum utgifter	8 307 477	8 922 412	9 899 873	8 015 991	1 883 882	8 644 291
Brutto driftsresultat	-667 242	-611 417	-297 627	-776 920	479 293	-826 709
Finansposter:						
Netto renteutgifter	125 900	97 264	36 752	124 550	-87 798	141 350
Avdrag (netto)	379 300	415 358	413 800	413 800	0	459 073
Netto finansposter:	505 200	512 622	450 552	538 350	-87 798	600 423
Motpost avskrivningar	-593 290	-630 721	-689 127	0	-689 127	0
Netto driftsresultat:	-755 332	-729 516	-536 202	-238 570	-297 632	-226 286
Brukt slik:						
Til finansiering i investeringsrekneskapen	168 093	629 875	528 904	385 956	142 948	400 000
Netto avsetningar	587 239	99 640	7 298	-147 386	154 684	-173 714
Dekning underskot/Bruk overskot	0	0		0	0	
Rekneskapsmessig mindre- forbruk (-)/meirforbruk (+)	0	0		0	0	
Rekneskapsmessig resultat før adm. transaksjoner ²⁾	-361 798	-312 401	-114 688	0		0

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser driftsrekneskapen for 2021-2023, opphavleg vedtatt budsjett for 2023, avvik mellom rekneskap og budsjett og dessutan vedtatt budsjett for 2024.

²⁾ Med heimel i ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggst fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).

Pensjonskostnader

Fylkeskommunen fører pensjonskostnadene etter reglane gitt i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Målet er at rekneskapen skal visa ei jamnare utvikling av pensjonsutgiftene enn det som følger av premieinnbetalinga, som er sterkt påverka av nivået på løns- og g-veksten dei enkelte åra.

§ 3-5 i forskrifta seier at det er pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast, og at pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar skal balanseførast med omsyn til estimatavvik pr. 01.01. I tillegg skal arbeidsgjevaravgift av premieavvik og av netto pensjonsforpliktingar høvesvis kostnadsførast og balanseførast. Premieavvik er differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad.

Bokførte beløp er baserte på oppgåver frå Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Det utrekna premieavviket har motpost i balanserekneskapen og blir fordelt (utgifts- eller inntektsført) på driftsrekneskapane dei neste 15/10/7 åra i samsvar med forskrifta.

Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, auka med 194,9 mill. kroner i 2023 og påverkar dermed netto driftsresultat positivt i årsrekneskapen for 2023. Ein skyv i praksis inndeckinga føre seg til komande år i tråd med ovannemnde regler. Beløpet er sett av til premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.23 er identisk med akkumulert premieavvik (433,5 mill. kroner). Premieavviksfondet inngår som ein del av fylkeskommunens disposisjonsfond, men er ikkje reell likviditet på same måten som anna eigenkapital.

Kalkulatoriske avskrivningar

For å illustrera kapitalslitet av bygningar, inventar og utstyr er det i 2023 belasta i alt

689,1 mill. kroner i kalkulatoriske avskrivningar på dei respektive resultatansvara. Avskrivningane påverkar ikkje resultatet, fordi beløpet er ført til inntekt/motpost på same ansvar.

Notar

I forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar kapittel 5, jf. kapittel 10 som gjeld konsolidert rekneskap, går det fram at notar er ein del av årsrekneskapen. Forskrifta gir i §§ 5-10 – 5-15 blant anna reglar for faste noteopplysningar og andre noteopplysningar som er vesentlege for vurderinga av den økonomiske utviklinga og stillinga. Foreningen for god kommunal regnskapsskikk har gitt ut ein eigen rekneskapsstandard «KRS nr. 6 Noter og årsberetning», som inneheld fleire notar som blir rekna som nødvendige for dei fleste (fylkes)kommunar for at rekneskapen skal vere lagd fram i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

I rekneskapen for 2023 er det lagt ved notar med referanse til KRS nr. 6 ut frå ei vurdering av om dei er vesentlege for å få eit fullstendig og utfyllande bilete av resultata og den økonomiske stillinga til fylkeskommunen ved årsskiftet. Se i rekneskapen for 2023 for noteopplysningar og fleire detaljer om rekneskapen for 2023.

Fakta om driftsrekneskapen

- Rogaland fylkeskommune (RFK) har eit positivt brutto driftsresultat på 297,6 mill. kroner. I dette ligg avskrivningar (kapitalslit) i driftsutgiftene som eit uttrykk for reinvesteringsbehov.
- Finanspostane (netto renteutgifter og avdrag) er på 450,5 mill. kroner. Vi merker oss at netto renteutgifter gjekk ned frå 97,3 mill. kroner i 2022 til 36,8 mill. kroner i 2023. Renteinntektene og gevinst frå finansielle omløpsmidlar auka meir enn renteutgiftene. Høg del rentesikring på lån er ein faktor i forklaringane.

- Motpost avskrivningar (inntekt) er på 689,1 mill. kroner. Kapitalslitet aukar med 58,4 mill. kroner samanlikna med 2022, og stig i takt med auka realformue.
- Samla gir dette eit netto driftsresultat på 536,2 mill. kroner, som gjev ein nettoresultatgrad på 5,3 prosent. I avsnittet om netto driftsresultat er det korrigerte talet 5,0 prosent, som er ein minking frå 8,9 prosent i 2022.
- Årets rekneskapsresultat før administrative transaksjonar er på 114,7 mill. kroner.

Kommentarar til investeringsrekneskapen

3,7 mrd. kroner brukt til investeringar


2919,6 mill. kroner blei brukt til investeringsprosjekt i 2023. I tillegg blei det brukt 16,1 mill. kroner til dekning av tidlegare års udekt beløp. Dette er ein auke frå 2442,7 mill. kroner i 2022. Det vart i tillegg bokført brutto avsetningar av bundne midlar på 799,0 mill. kroner. Dette gjeld mottatte midlar i samband med byvekstavtalen knytt til bygging av

Bussvegen, reduksjon av bompengar og fjerning av rushtidsavgifta.

Det første kakediagrammet viser investeringar per sektor. Det er som i tidlegare år innan sektoren regionalutvikling (vegar inkl. bompenger-finansierte prosjekt) og opplæring (vidaregåande skolar) vi finn dei store investeringane, med høvesvis 61,4 prosent og 14,8 prosent.


Det andre kakediagrammet viser korleis utgiftene i investeringsrekneskapen er finansierte. 48,9 prosent er finansierte av tilskot, refusjonar og mottatte avdrag (inkl. bompengar og moms-kompensasjon), 13,9 prosent er bruk av lån, og 37,2 prosent er eigenfinansiering. I eigenfinansiering inngår overføring frå drift, sal og bruk av tidlegare avsetningar til bundne fond. I 2023 blei 125,6 mill. kroner i bundne driftsfond frå Byvekstavtalen omdisponert til bundne investeringsfond til bruk for investering i Bussveien (80,6 mill. kroner) og i forskottering til bygging av kollektivtrasé Jåttå-Ullandhaug (45,0 mill. kroner).

Ubrukte lånemidlar er i løpet av 2023 minka frå 32,9 mill. kroner til 13,9 mill. kroner.



Investeringar pr. driftsområde

Fond og avsetningar	21,4 %
Utlån, aksjer og andelar	0,8 %
Styringsorgan og fellesutgifter	1,6 %
Regionalutvikling inkl. samferdsel	61,4 %
Opplæring	14,8 %



Finansiering av investeringane

Tilskot, refusjonar og mottatte avdrag	48,9 %
Fond og avsetningar	23,0 %
Bidrag frå drift	14,2 %
Sal av aksjer og eigedom	0,1 %
Bruk av lån	13,9 %



Overføring frå drift

Det er overført 528,9 mill. kroner frå drift, der 403,8 mill. kroner er politisk vedtatt og 125,1 mill. kroner er administrative overføringar. Inkludert i dei administrative overføringane er 125,6 mill. kroner av meir teknisk art som følge av ein omdisponering av bundne driftsfond til bundne investeringsfond. Dette gjeld påskjønningsmidlar mottatt tidlegare år for driftsformål, men der bruken i 2023 er omdisponert til investeringsformål.

Fakta om investeringsrekneskapen


- Bidrag frå drift har vore 528,9 mill. kroner
- Det er bokført bruk av lån på 517,8 mill. kroner.
- Netto bruk av bundne investeringsfond var 60,0 mill. kroner.

Investeringsrekneskap ¹⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2021	2022	2023	2023	Rekn./bud.	2024
Investeringar (inkl. utlån, aksjar og forskoteringar)	1 655 863	2 442 699	2 919 633	3 741 741	-822 108	3 453 444
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	16 524	0	16 524	0
Avsetningar	351 840	663 689	799 011	0	799 011	0
Finansieringsbehov:	2 007 703	3 106 387	3 735 168	3 741 741	-6 573	3 453 444
Bruk av lån	-537 093	-341 796	-517 752	-672 662	154 910	-754 387
Mottatte avdrag på utlån	-124 419	-8 874	-31 625	0	-31 625	0
Tilskot og refusjonar	-799 512	-1 554 166	-1 795 685	-2 683 123	887 438	-2 299 057
Bidrag frå drift	-168 093	-629 875	-528 904	-385 956	-142 948	-400 000
Sal av aksjar, fast eigedom	-8 914	-11 709	-2 201	0	-2 201	0
Bruk av fond/tidlegare avsetningar	-369 672	-543 443	-859 001	0	-859 001	0
Sum finansiering	-2 007 703	-3 089 863	-3 735 168	-3 741 741	6 573	-3 453 444
Udekt/udisponert	0	16 524	0	0	0	0


Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser investeringsrekneskapen for 2021-2023, opphavleg vedtatt budsjett for 2023, avvik mellom rekneskap og budsjett og dessutan vedtatt investeringsbudsjett for 2024.



Fordeling gjeld og egenkapital

Sum egenkapital	56,9 %
Pensjonsforpliktingar	13,4 %
Langsiktig lånegjeld	21,8 %
Kortsiktig gjeld	7,8 %



Utvikling i eigedelar

Anleggsmidler		Omløpsmidlar	
2021	21 671 968	2021	4 064 598
2022	23 506 174	2022	4 415 459
2023	26 050 455	2023	4 403 417

Kommentarar til balansen

Balanserekneskapen er ført opp i samsvar med § 5-8 om verdivurdering i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Ver merksam på:

Pensjonsskyldnader

Brutto pensjonsmidlar og pensjonsskyldnader etter oppgaver frå KLP og SPK blir førte i balanserekneskapen. På denne måten får vi oversikt over netto pensjonsgjeld (pensjonsskyldnader – pensjonsmidlar), slik at dei reelle skyldnadene går fram av balansen. Netto pensjonsgjeld per 31.12.2023 utgjer 265,1 mill. kroner.

Anleggsverksemd

I 2023 er det utgiftsført 2919,6 mill. kroner i anleggskostnader. Av dette er 2301,9 mill. kroner innanfor samferdsel og primært i vegsektoren. Desse investeringsbeløpa blir aktiverte i balanserekneskapen som eigedelar med motpost kapitalkonto.

Garantiskyldnader

Det totale garantiansvaret til Rogaland fylkeskommune summerer seg til om lag 32 mrd. kroner når ansvaret for Rogfast og Bymiljøpakke Nord-Jæren blir teke med. Rogfast har ei garantiramme på 17,6 mrd. kroner der 1,5 mrd. kroner var teke opp i lån pr. 31.12.23. Bymiljøpakke Nord-Jæren ligg førebels inne med ei garantiramme på 7,7 mrd. kroner, men den vil bli justert ned når endringa i FT-sak 173/19 blir vedtatt av Stortinget. Pr. 31.12.23 er det ikkje tatt opp lån for pakken. Garantiansvaret inkluderer også eit tillegg på 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påkomne renter og omkostningar.

Fakta om balansen

- Ved utgangen av 2023 hadde Rogaland fylkeskommune i underkant av 6,7 mrd. kroner i langsiktig lånegjeld.
- Pensjonsskyldnadene til fylkeskommunen er på 4,1 mrd. kroner.
- Fylkeskommunen har eigedelar bokførte til 30,5 mrd. kroner (inkludert pensjonsmidlar på 3,8 mrd. kroner).
- Arbeidskapitalen er noko minka i 2023.

Balanserekneskap ¹⁾

	2021	2022	2023
Anleggsmidler:	21 671 968	23 506 174	26 050 455
Av dette: Utlån, aksjar og andeler	396 633	430 294	425 097
Av dette: Pensjonsmidlar	3 373 977	3 448 704	3 820 115
Omløpsmidlar:	4 064 598	4 415 459	4 405 752
Av dette: Kortsiktige fordringar	660 795	941 285	553 346
Sum eigedelar	25 736 566	27 921 633	30 456 207
Fond	-2 010 029	-2 229 916	-2 177 224
Rekneskapsmessig mindreforbruk (-) el. meirforbruk (+) ²⁾	0	0	
Udisponert el. udekt i investeringsrekneskapen	0	16 524	0
Likviditetsreserve	0	0	
Endra rekneskapsprinsipp	165 617	165 617	165 617
Kapitalkonto	-11 305 008	-12 968 526	-15 325 186
Sum eigenkapital	-13 149 420	-15 016 301	-17 336 793
Pensjonsforpliktingar	-3 757 301	-4 001 551	-4 085 219
Langsiktig lånegjeld	-6 801 001	-6 568 968	-6 653 920
Kortsiktig gjeld	-2 028 845	-2 334 814	-2 380 275
Sum gjeld	-12 587 147	-12 905 333	-13 119 414
Sum gjeld og eigenkapital	-25 736 567	-27 921 634	-30 456 207
Memoriakonto:			
Ubrukte lånemidlar	191 342	32 871	13 870

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser balanserekneskapen til fylkeskommunen dei tre siste åra. Balanserekneskapen viser fylkeskommunen sine bokførte eigedelar (omløpsmidlar og anleggsmidlar), gjeld og eigenkapital.

²⁾ Med heimel i til ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggst fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).

Arbeidskapital ³⁾

	2021	2022	2023
Endring i omløpsmidlar	1 185 143	350 861	-9 707
Endring i kortsiktig gjeld	515 290	305 969	45 461
Endring i arbeidskapital	669 853	44 892	-55 168

Tal i heile 1000

³⁾ Tabellen viser endringar i arbeidskapitalen som kjem fram av differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Oppsummering av 2023

Rogaland fylkeskommune fekk eit betre økonomisk resultat i 2023 enn forventa. Netto driftsresultat blei på 536,2 millionar kroner. Driftsutgiftene auka meir enn inntektene, og det var nokre ekstraordinære forhold som bidrog til å lyfta resultatet til eit tilfredsstillande nivå.

Merksemd på prioriteringar, stram økonomistyring og god budsjett disiplin har medverka til nok eit år med positivt rekneskapsresultat. Arbeid med omstilling og innsparing gjorde drifta meir krevjande. Høg prisvekst og regulering av driftskontraktar innan samferdsel har sett press på økonomien gjennom 2023. Skolane har på si side brukt opp den økonomiske bufferen frå 2022. Restmidlane var ca. 2-3 prosent av disponibelt budsjett i 2023.

Nøkkeltala viser at Rogaland fylkeskommunes handlefridom og moglegheiter i stor grad blir styrt av dei frie inntektene. Det vil seia at det eigentleg er staten som er premissleverandør for det fylkeskommunale tilbodet.

Eit netto driftsresultat på 5,0 prosent etter korrigeringar gjer at målet om eit netto driftsresultat på 4 prosent av driftsinntektene er oppnådd. Årets resultat er ei svekking frå 8,9 prosent i 2022. Ekstrainntekter frå konsesjonskraft utover opphøveleg budsjett lyfta åleine resultatet med 4,5 prosent i 2022, rekna av samla driftsinntekter. Det gjer det mindre relevant å samanlikna med 2022.

Meirinntekter frå skatt har trekt opp resultatet på ein uvanleg måte også i 2023. Ein kan ikkje rekne med at det same vil skje i 2024.

Det var gode tilhøve for forvaltning av overskotslikviditet i 2023, og fylkeskommunen har

enno fordeler av rentesikring på lån. Netto avkastning frå konsesjonskraft var på drygt 200 mill. kroner, som er meir enn tidlegare normalår. Det er stor uvisse knytt til utviklinga i kraftmarknaden. Fylkeskommunen betalte mykje høgare pensjonspremiar i 2023 enn det som blei dekt inn, og denne differansen må dekkjast i dei komande åra. Når vi tek det ekstraordinære ut av reknestykket, er handlingsrommet i drift stramt.

Dess høgare investeringsnivå fylkeskommunen har, dess høgare resultatgrad bør ein prøva å oppnå. Dette er for å halda gjeldsutviklinga mest mogleg stabil. I kraft av eit høgare netto driftsresultat enn budsjettet er evna til fylkeskommunen til å finansiera egne investeringar blitt midlertidig styrka. I tråd med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar, er budsjettoverskotet satt av på disposisjonsfond, og styrker fylkeskommunens finansielle soliditet. Bufferkapitalen er til for å ta hand om uventa kostnader eller uventa reduksjonar i inntekter, og er ein del av fylkestinget si finansielle målstyring etter kommunelova.

I opphøveleg budsjett blei det vedtatt å bruke 147,4 millionar kroner frå disposisjonsfondet i 2023 for å kunne overføre 4 prosent av driftsinntektene til investeringar. No blei det i staden rom for å setje av 108 millionar kroner.

I økonomiplan 2024-2027 har fylkestinget vedtatt å bruke heile 689 millionar kroner av bufferkapitalen til investeringar for å få så liten auke i gjeldsgraden som mogleg.



Foto: Elisabeth Tømmessen

Vestlandsfylka leverer noko ulike resultat i 2023. Rogaland og Vestland har netto driftsresultat over gjennomsnittet for fylkeskommunane på høvesvis 5,3 prosent og 5,1 prosent utan korreksjonar, medan Møre og Romsdal med sitt resultat på 0,8 prosent ligg under gjennomsnittet på 4,2 prosent for 10 fylkeskommunar samla (landet). Etter korreksjonar er netto driftsresultat 5,0 prosent for Rogaland, 6,0 prosent for Vestland og 0,8 prosent for Møre og Romsdal, samanlikna med 3,9 prosent for landet. Ein må vere merksam på at nivået av avdrag varierer frå minimumsavdrag til eit betydeleg høgare nivå av avdrag. Samanlikningar kan derfor godt gjerast etter at avdrag er bytt ut med avskrivningar. Forholda er da eit netto driftsresultat for Rogaland på 2,3 prosent, 1,9 prosent for Vestland og minus 2,1 prosent for Møre og Romsdal.

Fleire samanlikningar er å finna på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-sider og under Økonomisk statistikk på fylkeskommunens eigen heimeside: rogfk.no

Til tross for auka stramheit i drift som følge av høg pris- og kostnadsvekst som ikkje er kompensert gjennom det økonomiske opplegget for fylkeskommunar dei siste åra, er dei økonomiske resultata i 2023 tilfredsstillande.

Rekneskapen er gjort opp med overskot og netto driftsresultat er betre enn forventa. Det er kontroll og balanse i drifta, sjølv om det òg i 2023 er nokre enkeltposter som medverkar til eit godt resultat.

Netto driftsresultat blei på 5,3 prosent av driftsinntektene (før korrigeringar). Korrigert netto driftsresultat er på 5,0 prosent, som er

Eit godt rekneskapsresultat i 2023 har bidratt til å auke eigenkapitalen (...)

1,0 prosentpoeng betre enn retningsgivande måltal på 4 prosent og betre enn det opphavlege budsjettet la opp til.

Lånegjelda (netto gjeldsgrad) er på 64,3 prosent av driftsinntektene, med ein noko oppblåst inntektsbase som følge av kompensasjonsordningar og øyremerkte tilskot mv.

Utfordringane framover

Fylkestinget har vedtatt konkrete finansielle måltal/handlingsreglar for økonomiplan 2024–2027. Det er gjort greie for desse i økonomiplan 2024–2027.

Dei økonomiske rammene i det vedtatte budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024–2027 er strame og forutsett at vedtatt salderingsplan blei følgt opp. Den finansielle risikoen er høg på grunn av små marginar i drift. Eit godt rekneskapsresultat i 2023 har bidratt til å auke eigenkapitalen (frie driftsfond), noko som sikrar fylkeskommunen sin bufferkapital på kort sikt. Dette er reservar som kan brukast til å oppretthalda eigenfinansieringa av investeringar i åra som ligg føre oss, medan fylkestinget vurderer korleis ein skal tilpassa seg ein reell reduksjon i inntektene og eit redusert handlingsrom i drift. I økonomiplan 2024–2027 har fylkestinget planlagt aktiviteten med ein uvanleg stor bruk av disposisjonsfond. Det kan likevel vere mogleg å bruke noko

av budsjettoverskotet i 2023 til å redusere låneopptaket i 2024. I komande økonomiplanar vil det krevjast omstilling for å sikre langsiktig finansiell handleevne, slik kommunelova krev.

Den delen av lånegjelda til fylkeskommunen som er eksponert for renterisiko, vil vere ei utfordring å handtera når marknadsrentene no har stege frå historisk låge nivå. I tillegg har fylkeskommunen langsiktige utfordringar knytt til finansiering av kollektivtransport. Dette gjeld både i investering og drift.

Økonomiske utfordringar i åra framover er gjennomgått i økonomiplan 2024–2027. Den ekstra avsetninga til disposisjonsfond i 2023 er «eingongspengar», og føresetnadene for vedtatt økonomiplan er i hovudsak uendra. Ein større del av disposisjonsfondet er nå premieavviksmidlar, som veg opp for pensjonspremiar som er betalt, men ikkje dekka inn.

Stram økonomistyring, bevisste prioriteringar og hyppig rapportering vil òg i åra som kjem vere suksessfaktorar. Sparetiltak må følgast opp, med merksemd retta mot både prioriterings-effektivitet og kostnadseffektivitet. Nøkkeltal illustrerer at Rogaland fylkeskommune på mange område har låge einingskostnader og høg kostnadseffektivitet samanlikna med andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen er underadministrert på nokre områder som er viktige for styringa av den samla verksemda.



Ein grunnleggande føresetnad i åra framover er at det blir ein realvekst i frie inntekter som er stor nok til å dekkja demografiske endringar, nye miljøkrav, krav om universell utforming, behov for utbygging av kollektivtrafikk, naudsynt vedlikehald av vegar og eigedomar og dessutan kostnader til nye nasjonale reformer på dei ulike felta.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) oppnemnte i mars 2022 eit ekspertutval for å vurdere inntektssystemet for fylkeskommunane, med særleg vekt på utgiftsutjevninga. Ekspertutvalet la i desember 2022 fram forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2024. Omfordelingane slik dei føreligg i statsbudsjettet for 2024 slår negativt ut for Rogaland, og inneber ei finansiell utfordring for fylkeskommunen.

I grunnlaget for økonomiplan 2025–2028 må fylkeskommunen arbeide med omstilling for å sikre betre balanse mellom driftsinntekter

og –utgifter. Fylkeskommunen får god bruk for bufferkapital i ein periode med omstilling til svekka handlingsrom. I årsbudsjettet for 2024 er det lagt opp til at fylkeskommunen skal bruke forholdsvis mykje av oppsparte midlar, både i konsernet og i kollektivtransportselskapet Kolumbus.

Tannhelse Rogaland FKF

Rekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på 16,9 mill. kroner. Budsjettoverskotet er på 17,5 mill. kroner.

Overskotet kjem som følge av mindre kostnader til løn, KLP og arbeidsgjevaravgift samt at det er kjøpt mindre nytt utstyr enn planlagt. Pasientinntektene er som forventta.

Meir informasjon og opplysningar om Tannhelse Rogaland FKF er å finna i rekneskapen for føretaket og årsmeldinga for 2023.

Revisors beretning





Til Fylkestinget i Rogland Fylkeskommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Fylkesutvalget
Fylkesdirektør

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Rogland Fylkeskommune årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 536 202 000 og et netto driftsresultat i det konsoliderte årsregnskapet på kr 553 101 000.

Årsregnskapet består av:

- Fylkeskommunens årsregnskap, som består av balanse per 31. desember 2023, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- Konsolidert årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2023, driftsregnskap, investeringsregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter.

Etter vår mening:

- Oppfyller fylkeskommunens årsregnskap gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av fylkeskommunens finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- Oppfyller det konsoliderte årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Rogland Fylkeskommune som økonomisk enhet per 31. desember 2023, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i "Revisors

oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet". Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkesdirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Fylkesdirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkesdirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Fylkesdirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører

revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av Fylkesdirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til regnskapsenhetene som inngår i konsolidert årsregnskap for å kunne gi uttrykk for en mening om det konsoliderte årsregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre revisjonen av det konsoliderte årsregnskapet. Vi alene er ansvarlige for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og fylkesdirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Rogland Fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestinget i Rogland Fylkeskommunes premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Fylkesdirektørens ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik

For videre beskrivelse av Fylkesdirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning-nr-1).

Denne beretning erstatter beretning avgitt 04.04.2024.

Stavanger, 05.04.2024
Rogaland Revisjon Iks

Elektronisk signert
Rune Haukaas
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor



Elektronisk signatur

Signert av

Haukaas, Rune

Norwegian BankID

Dato og tid

(UTC+01:00) Central European Time (Berlin)

04/05/2024 13:51:37

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de foregående sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.



Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger

Besøksadresse

Arkitekt Eckhoffs gate 1
4010 Stavanger

Telefon

51 51 66 00

E-post

firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no



Rogaland
fylkeskommune